



Masfjorden kommune

Årsmelding 2018





Årsmelding og rekneskap for Masfjorden kommune 2018 vert med dette lagt fram til politisk handsaming. Årsmeldinga ser ein på som ein viktig del av den informasjon kommunen skal gje til innbyggjarane og vonar årsmeldinga gjev nyttig og heilskapleg informasjon om kommunen vår.

Driftsrekneskapen for Masfjorden kommune 2018 kom ut med eit rekneskapsmessig overskot på nær 3,6 mill. kr., og eit positivt netto driftsresultat på litt over 15,6 mill.kr., som utgjer 6,3% av driftsinntektene. Målet er å nå tilrådd nasjonalt nivå netto driftsresultat på 1,75%.Grunnen til dette resultatet er tilføring av havbruksfondsmidlar, korrigering av tidlegare års fibertilskot, samt gåve til sjukeheimen, og summert utgjer dette 14,6 mill.kr. Korrigert for desse forholda ville netto driftsresultat vore ned i 1 mill.kr., og lågt % vis driftsresultat.

Drifta i 2018 har gått bra, og kommunen har eit godt tenestetilbod til innbyggjarane/brukarane. Budsjettmessig har det vore ein del område med større overskridinga og andre med mindreforbruk, takka vere om lag 10 mill.kr. i auka kraftinntekter gjennom 2018 i høve til det ein forventa når vi la 2018 budsjettet, kjem ein samla greitt ut. Utfordringa framover vert å gjere tilpassinga/ strukturerendinga på driftsnivå slik at ein maktar å oppretthalde god totaløkonomi pga. investeringsplanane.

Investeringane i 2018 vart mykje lågare enn opphavleg budsjettert. Den økonomiske stoda pr. 31.12.2018 er god, med store fondsreservar og låg gjeld. Når investeringsplan 2019-2022 er gjennomført med store investeringa knytt til omsorgsbustadar/dagsenter Hosteland, Fensfjordbygg, Masfjordsambandet og fiber, som samla utgjer mellom 140 og 150 mill.kr., vil situasjonen vere at fond er brukt opp og lånegjelda auka monaleg, og dermed ein heilt endra økonomisk status.

Masfjordsambandet og folketalsauke er dei to viktigaste måla som er sett ned gjennom kommuneplanen. Masfjordsambandet har i 2018 handla mykje om å få justert regelverk og retningslinene slik at ordninga vert slik at ein får realisert bruplanane, og at ein frå sentralt hald i 2019 kan komme med ei løysing og vedtak, som gjer finansiering av prosjektet vert i samsvar med dei føresetnadene frå ei positiv innstilling frå fylkestinget 12.12.17.

Ein har elles hatt ei positiv folketalsutvikling ei tid, men liten nedgang i 2018. Kommunen er aktiv med medverknad/tilrettelegging av nye bustadfelt for at folketalsauken kan halde fram, noko som er både utfordrande og krevjande – og kor kommunen prøver å medverka til å få realisert m.a. gjennom kommunal delfinansiert og utbygging for ein del av desse satsingane.

Mykje og stor innsats vert lagt ned kvar einaste dag i Masfjorden kommune. Det er den jamne innsatsen frå den einkilde tilsette, som driv kommunen framover og som er ein sentral faktor for at innbyggjarane i Masfjorden skal kunne trivast og ha det godt.



2018 gav oss store variasjonar vermessig. Me fekk den tørraste og varmaste våren og sommaren på svært lang tid. Til glede for mange, men det medførte store utfordringar for landbruket vårt. Mange bønder fekk for lite fôr grunna tørke. Så snudde det og me fekk den våtaste hausten i «manns minne». Det medførte at BKK sine vassmagasin, som var svært nedtappa, rann over fleire gongar. Dette syner kor viktig det er at me i vårt planarbeid tar omsyn til klimaendringane.

Kommuneplanen vil verta godkjend i første halvdel av 2019. Der har me i samråd med fylkesmannen trekt ut havbruk. Det vil me, saman med Lindås kommune, laga ein plan der me ser på belastninga for miljøet både i Masfjorden og Fensfjorden.

Fylkeskommunen byggjer ny bru over Matreselva. Det har medført litt ulempe for folk på Matre, men det vil snart endre seg når brua vert opna.

Eit sprengingsuhell skada brua over Krokevassdammen. Den fungerte dårleg for turbussar, og me forventar at reperasjonen av brua vil løyse det problemet. Brua mellom Høyanger og Masfjorden mot Fjellstova må og fornyast. Det forventar me at BKK, som er eigar av veggen, tek seg av.

Når det gjeld bru over Masfjorden, venter me på svar om bruk av bompengar til å dekkja renter. Får me medhald i det, som er vanleg i alle andre typar bompengeprojekt, er brua fullt ut finansiert.

Kommunen har fått tilbod og har skrive kontrakt med Telenor om vidare utbygging av fiber/breiband. Den sikrar at alle innbyggjarane i kommunen vil få tilbod om å knyte seg til. Eg håpar at alle nyttar seg av dette, noko som vil vert endå viktigare i framtida, då mange tenester vil verta digitalisert. Det er framleis område i kommunen med dårleg eller manglande mobildekning der folk bur. Me er i dialog med Telenor om forbetring av mobilnettet.

Stortinget har bestilt ein nasjonal rammeplan for vindkraft på land i Noreg. NVE sendte ut eit kart der dei viste kvar ein kunne bygge ut. For Masfjorden sin del ligg heile kommunen inne som eit mogleg areal. Dei ønskte ei tilbakemelding om våre planar og kunnskap om arealet, og det har dei fått. I 2019 vil dei sende ut eit kart over område der dei tilrår utbygging og då må kommunen ta stilling til om dei ønskjer vindkraftutbygging i Masfjorden. Stortinget sa og at dei vil lytta til kva kommunane meiner om vindkraftutbygging. Det forventar eg at dei står ved.

Takk til alle sambygdingar og politikarar for godt samarbeid, og takk til alle tilsette for den gode innsatsen de yter kvar dag til det beste for kommunen vår.

Svein Helge Hoflundsgaen
rådmann

Karsten Todland
ordfører

INVESTERINGSREKNESKAPEN

Vedteke investeringsbudsjett for 2018 hadde ei investeringsramme på anlegg på 44,15 mill. kr. Av større investeringar i 2018 var oppstart av omsorgsbustadar på Hosteland budsjettert med 34,5 mill. kr og fiberprosjektet med 3,5 mill.kr., og elles investeringar innan IKT, kommunale bygg, kommunale vegar og infrastruktur innan vatn og avlaup, og kommunal medverknad finansiering/utbyggar av nye bustadfelt.

Investeringsrekneskapen 2018 avviker vesentleg i høve til opphavelg budsjett, sidan ein ikkje er kommen i gong med største investeringsprosjektet – 10 nye omsorgsbustadar på Hosteland, samt at fiberutbygginga er teken ut av investering og over i driftsrekneskapen. Desse forholda er teke omsyn til i revidert investeringsbudsjett, der revidert investeringsbudsjett utgjer litt i overkant av 8 mill.kr.

Utgifter i investeringsrekneskapen

	Rekneskap 2018	Revidert budsjett 2018	Opphavelg budsjett 2018
Kjøp av varer og tenester i kommunal eigenprod.	6 256 810	6 695 000	36 290 000
Overføringar	2 452 723	1 330 000	7 860 000
Sum utgifter	8 709 533	8 025 000	44 150 000

Investeringar i anleggsmidlar er slik spesifisert (skjema 2B) i rekneskapen for 2018

Investeringsprosjekt	Rekneskap 2018	Revidert budsjett 2018	Opphavelg budsjett 2018
IKT- og EDB investeringar	164 395	500 000	500 000
Breidband til heimar i Masfjorden		0	3 500 000
Indre Masfjorden barnehage - ventilasjonsaggregat	1 166 120	1 150 000	1 000 000
Nordbygda skule - utbetring tak	0	0	1 000 000
Nordbygda skule - utvendig rehabilitering	418 355	500 000	500 000
Kjøp av transportmidlar	479 000	500 000	0
Masfjorden sjukeheim - signalanlegg	0	0	500 000
Gnr. 31, bruk nr 60	917 821	900 000	0
Kommunale bygg	447 870	600 000	300 000
Bustad eldre og funksjonshemm, Hosteland	360 336	400 000	34 500 000
Fensfjordbygg	122 500	125 000	0
Kommunale vegar - Haugsdal gamle kai	0	0	100 000
Kommunale vegar -Matre, Indre Masfjorden bhg - Bjørn West	0	0	200 000
Kommunale vegar - Byrkjeland	654 505	650 000	300 000
Kommunale vegar - Fossdalen	0	0	100 000
Kommunale vegar - Gunnarbuøyra	361 000	350 000	300 000
Kommunale vegar - Kjetland bru	982 485	1 000 000	0
Anleggsmaskiner TML	777 000	0	0
Bustadfelt tilrettelegging	0	750 000	750 000
Vassforsyning	109 885	100 000	400 000
Avløp - slamavskiljar Sandnesstykket	286 261	300 000	0
Avløp - oppgradering Amundsbotn	0	200 000	200 000
Felles finansiering	1 462 000	0	0
Totalt	8 709 533	8 025 000	44 150 000

Inntekter i investeringsrekneskapen

	Rekneskap 2018	Revidert budsjett 2018	Opphavelg budsjett 2018
Sal av driftsmidlar og fast eigedom	197 000	0	0
Overføringar med krav til motyting	- 3 500 000	0	16 000 000
Kompensasjon for meirverdiavgift	990 773	1 330 000	7 860 000
Andre overføringar	1 462 000	1 462 000	
Sum inntekter	-850 277	2 792 000	23 860 000

Sum med – 3,5 mill.kr. gjeld korrigering av føringa kring fibertilskot, tidlegare ført som inntekt i investeringsrekneskapen, men skal først i driftsrekneskapen.

IKT- OG EDB INVESTERINGAR

Summert opp for fleire innkjøp ulike avdelingar. Investeringsdel via IKT Nordhordland som kunne ha vore ført i investering, er utgiftsført som drifts- utgift.

INDRE MASFJORDEN BARNEHAGE – VENTILASJONSAGGREGAT

Prosjekt er gjennomført i samsvar med kontrakt.

NORDBYGDA SKULE – UTBETRING TAK

Ikkje påbyrja i 2018, kjem i 2019

NORDBYGDA SKULE – UTVENDIG REHABILITERING

MASFJORDEN SJUKEHEIM –SIGNALANLEGG,

Ikkje påbyrja – budsjettert inn att i 2019

GNR 31 BNR 60, Kjøp av tomt gamal sjukeheim.

Kjøpt til avtalt pris og vedtak politisk sak.

KOMMUNALE BYGG

Utvendig utbetring på ulike kommunale bygg og utleigebustadar etter anbod. Kostnader i samsvar med anbod.

BUSTAD ELDRE OG FUNKSJONSHEMMA HOSTELAND

Ført prosjektkostnader og arkitekttenester.

FENSFJORD BYGG

Ført utgifter til juridisk bistand



KOMMUNALE VEGAR

Samla budsjett for oppgradering kommunale vegar i 2018 er 1 mill kr. Det er ført utgifter på utbetring Kjetland bru. I 2017 var denne utbetringa budsjettert med kr 950 000, og rekneskapen for 2017 viser utgifter på kr 634 734,38. I tillegg er det i 2018 påløpt utgifter med kr 960 088. I tillegg er det ført utgifter i samband med utbetring og asfaltering på Byrkjeland med kr 634 005 og Gunnarbuøyra med kr 361 000.

VASSFORSYNING

Program og utstyr for overvåking av vassverk

AVLØP - SLAMAVSKILLARSANDNESSTYKKET

Naudsynt utskifting av slamavskiljar på Sandnesstykket.


Felles finansiering – gjeld tippemidlar og føring kring desse, kommunen har fått rest utbetaling for anlegg Matre og ført mot gjeld idrettslag/fotballag.

Investeringsprosjekt:

Finansutgifter

	Rekneskap 2018	Revidert budsjett 2018	Opphavelg budsjett 2018
Avdrag på lån	714 395	600 000	600 000
Utlån	745 000	500 000	500 000
Kjøp av aksjar og andelar	659 241	660 000	550 000
Avsett til ubunde invest. fond	0	1 462 000	0
Avsett til bunde invest. fond	-3 500 000	0	0
Sum finanstransaksjoner	-1 331 364	3 222 000	1 650 000

- Kommunen har motteke 714.395 i nedbetaling av tidlegare års utlån.
- Nye utlån i 2018 summerer seg til kr. 745.000, fordelt med 545.000 startlån og 200.000 utlån Kraftfondet.
- Kjøp av aksjar og andelar gjeld årets KLP eigenkapitalinnskot.
- Sum med – 3,5 mill.kr. gjeld korrigering av føringa kring fibertilskot, tidlegare ført som inntekt i investeringsrekneskapen, men skal førast i driftsrekneskapen



Utvikling investering i anlegg og finansutgifter 1991 - 2018

Avdragsutgifter er kommunen sine avdrag til Husbanken på lån til vidareutlån (Startlån).

Utlån gjeld vidareutlån av innlån frå Husbanken og utlån frå Kraftfondet.

Kjøp av aksjar og andelar er eigenkapitalstilskot til KLP.


Udekka i investeringsrekneskapen

Ved utgangen av 2018 har Masfjorden kommune ingen gjennomførte prosjekt som ikkje er finansiert.

Finansiering av investeringsrekneskapen

	Rekneskap 2018	Revidert budsjett 2018	Opphavelg budsjett 2018
Bruk av lån	5 226 911	26 498 400	23 280 000
Sal av aksjar og andelar	155 610	0	0
Mottekne avdrag på utlån	319 027	0	0
Bruk av disposisjonsfond	1 000 000	550 000	550 000
Bruk av bundne driftsfond		3 500 000	3 500 000
Bruk av ubundne investeringsfond	575 122	0	0
Sum finansiering	7 276 672	30 548 400	27 330 000

- Årets låneopptak til investeringsføremål var 3 mill.kr., samt 500.000 til nye startlån. Bruk av lån utover årets opptak av lån er bruk av tidlegare års ubrukte lånemidlar.
- Forholdsvis stort avvik mellom det kommunen betalar i låneavdrag på lån husbanken vs det ein fekk inn at som låneavdrag i 2018, kommunen kortare nedbetalingstid enn det vi har på utlån.
- Bruk av disp.fond med 200.000 er Kraftfondet, og nytt utlån med 200.000.
- Bruk av bundne driftsfond gjeld kjøp av ny bil til pleie- og omsorg.
- Bruk av ubundne investeringsfond for å dekke årets KLP eigenkapitalinnskot.



DRIFTSREKNESKAPEN

Tal i 1 000 kr	Rekneskap 2013	Rekneskap 2014	Rekneskap 2015	Rekneskap 2016	Rekneskap 2017	Rekneskap 2018
Skatt	73 304	75 101	79 058	80 274	78 481	77 569
Rammetilskot	56 911	61 402	62 036	68 607	70 716	72 693
Andre driftsinntekter	54 086	57 040	67 179	67 695	85 722	99 589
Sum driftsinntekter	184 301	193 543	208 273	216 576	234 919	249 851
- Driftsutgifter	183 044	196 081	209 363	217 371	232 475	234 825
Brutto driftsresultat	1 257	-2 538	-1 090	-795	2 445	15 027
+ Renteinntekter	4 839	3 573	2 235	2 306	4 073	1 379
- Renteutgifter	1 796	1 636	1 398	1 237	1 172	2 346
- Netto avdrag	4 731	5 020	5 094	5 382	5 571	6 044
+ Motpost avskrivning	7 904	7 664	7 908	7 572	7 260	7 649
Netto driftsresultat	7 473	2 043	2 561	2 464	7 036	15 665
Overført til investering	1 559		38		0	0
Bruk av akk. overskot	5 984	5 144	1 280	2 990	2 789	1 476
Bruk av fond mm	3 312	3 520	5 627	5 239	4 038	6 775
Avsetjingar til fond	10 066	9 427	6 439	7 904	12 387	20 323
Rekneskapsresultat	5 144	1 280	2 991	2 789	1 476	3 592
Netto driftsres./driftsinntekt	4,05 %	1,06 %	1,23 %	1,14 %	3 %	6,3 %
Auke driftsinntekter	4,46 %	5,01 %	7,61 %	3,99 %	8,5 %	6,3 %
Auke driftsutgifter	5,81 %	7,12 %	6,77 %	3,82 %	6,9 %	1,01 %


Driftsrekneskapen viser eit rekneskapsmessig mindreforbruk (overskot) på 3,592 mill. kr for 2018.

Netto driftsresultat utgjer 15,664 mill kr, som utgjer om lag 6,3 % av sum driftsinntekter. Det tekniske berekningsutval for kommunal og fylkeskommunal økonomi (TBU) betraktar netto driftsresultat som hovudindikatoren for økonomisk balanse i kommunesektoren. Netto driftsresultat viser kor mykje som kan disponerast til avsetjingar og investeringar etter at driftsutgifter, renter og avdrag er betalt. Utvalet tilrår at netto driftsresultat bør utgjere om lag 1¼ prosent for kommunane. Utviklinga i brutto og netto driftsresultat i perioden 2013-2018 er vist i tabell og for åra 1990-2018 i diagram på denne sida. F.o.m. 2014 blei momskompensasjonen frå investeringane ført i investeringsregnskapet, ikkje i driftsrekneskapen som tidlegare. Denne endringa medførte ein reduksjon i brutto og netto driftsresultat. Før 2014 var tilrådinga at kommunane burde ha eit netto driftsresultat på om lag 3% av driftsinntektene.

Grunnen til det gode driftsresultatet har lite med den løpande drift å gjere i 2018, og tre sentrale forhold må trekkast fram

- Overføring frå staten av 10,3 mill.kr. i havbruksfondsmidlar
- Korrigering av tilskot fiber, ført i investering tidlegare år, og korrigert i 2018 med 3,5 mill.kr.
- Gåve til Masfjorden sjukeheim, 0,8 mill. kr.

Felles for alle tre er at dei styrkar netto driftsresultat, og midlane er avsette til fond og øyremerkt til spesielle føremål (investeringar). Korrigert for desse tilhøva (summert til 14,6 mill.kr.), så skulle netto driftsresultat ha vore 1 mill.kr. (og ikkje 15,6 mill.kr.)



Kraftprisen har vore høg i 2018, og som kraftkommune, har det gitt positivt resultat for 2018 rekneskapen, netto meirinntekt med over 8 mill.kr. i høve opphavleg 2018 budsjett (viser til eigen temadel «Kraftinntekter» for nærare omtale).

På den andre sida så har vi nokre forhold som trekkjer ned resultatet, som tap på finansplasseringa med om lag 1 mill.kr., skattingangen med eit avvik på 2,3 mill.kr, kommunen har ytt ekstra tilskot Einekavane med 1 mill.kr., samt at vi har nokre rammeområde med overskriding i høve tildelt budsjett.



Finansinntekter- og utgifter

Frie disponible inntekter er skatteinntekter, rammetilskot, eige- domsskatt, andre direkte og indirekte skattar og andre generelle statstilskot. I 2018 utgjorde frie disponible inntekter 171,3 mill. kr, som er ei auke på 5,9 % i høve til 2017.

Rammetilskotet vart på 72,7 mill.kr i 2018, og skatt på inntekt og formue 43,5 mill.kr. Summen av frie inntekter avvik samla om lag med kr. 600.000 i høve budsjett, men skatteinngangen 2,3 mill.kr. mindre enn budsjettert, medan rammetilskotet vart ein del høgare enn budsjettert.

Eigedomsskatten 2018 enda på 19,5 mill.kr., etter korrigerering seint for ein del kraftanlegg, slik at denne inntektsposten vart høgare enn justert budsjettet og om lag 1,7 mill.kr. høgare enn opphav- leg budsjett. Eigedomsskatten 2018 er nær 1,5 mill.kr. lågare enn i 2017. Andre direkte og indirekte skattar gjeld konsesjonsavgift og naturressursskatt i 2018. Konsesjonsavgift er på same nivå som 2017, medan naturressursskatten aukar litt i 2018 til 11,7 mill.kr. Samla utgjør dette 14,6 mill.kr. Andre generelle statstilskot gjeld m.a. overføring kring havbruksfondet med 10,3 mill.kr., bustad- tilskot, rentekompensasjon for skular, omsorgsbustadar m.m., og integreringstilskot for flykningar med 7,9 mill kr.

Finansinntekter- og utgifter

Rentenivået i marknaden er framleis lågt, men renteinntekter og utbytte har ein liten auke i høve 2017 som skuldast ein auke sum utbytte. Ikkje realisert tap på finansielle plasseringar er utgiftsført med nær 1 mill. kr. Samla sett utgjør verdien av desse plasseringa- ne ved utgangen av 2018 over 23,7 mill.kr.

Etter retningslinene i finansreglement for Masfjorden kommune, har kommunen som mål å ikkje ta opp meir i lån til investeringar

enn det som vi betaler i avdrag i året. Låneopptak i 2018 var 3,5 mill. kr. Lån til investeringar vart ikkje utbetalt før på slutten av året. Betalt avdrag utgjorde i drift knappe 6 mill.kr., og samla nær 6,7 mill.kr. i 2018. Med bakgrunn i berekning av minimumsavdrag på innlån, kunne vi ha redusert og betalt avdrag med 2,9 mill. kr. Her kunne vi betra rekneskapsresultatet med nokre millionar, men då har dette blitt ei utgift som vi hadde fått i seinare år. Renteut- giftene er på same nivå som i fjor, og ligg på om lag 1,2 mill. kr .

Avsetjingar og bruk av fond

Det er ført bruk av rekneskapsresultat for 2017 med knappe 1,5 mill.kr. og tilsvarande avsetjing til ubundne fond når det gjeld disponering av rekneskapsresultat for 2017, samt avsetjingar til ubundne fond knytt til m.a. Masfjordsambandet – det er sett av 1 mill. kr til bru over Masfjorden, vidare er konsesjonsavgift avsett med 2,8 mill.kr, tilbakebetaling av rente- og avdrag utlån kraftfon- det, og avsett midlar havbruksfond med 10,3 mill.kr., og samla ubundne avsetjinga med 15,6 mill.kr. Avsetjing til bundne fond beløper seg til 4,7 mill.kr., og gjeld midlar vi har motteke i 2018 som gåve til sjukeheimen med kr. 800.000,-, korrigerert føring tidle- gare års tilskot fiber med 3,5 mill.kr., avlaufsfond m.m.

Bruk av ubundne avsetjingar utgjør 4,3 mill.kr., og gjeld overføring til driftsrekneskapan frå kraftfondet 1,1 mill. samt 1 mill. kr. som gjeld ferjefri kryssing av Masfjorden. Pensjon og tidlegare års pre- mieavvik med 1,8 mill.kr.

Fordelt til drift

Rekneskapan for 2018 viser kr 152 346 714 til fordeling til drift. Med ei utgift i driftsrekneskapan på kr 148 754 601, vert dette eit rekneskapsmessig mindreforbruk (overskotet) på kr 3 592 112,76.

Fordelt til:	Rekneskap 2018	Justert budsjett 2018	Opph. budsjett 2018	Rekneskap 2017
Folkevalde organ	2 286 200	2 082 928	2 082 928	2 396 101
Administrasjon	14 807 533	13 897 305	13 897 305	14 052 402
Barnehagar	17 582 857	18 170 740	18 170 740	17 547 075
Skular	48 389 207	42 066 716	41 565 716	44 261 250
Helse	10 922 452	10 099 600	10 099 600	9 346 911
Sosial og barnevern	4 443 858	4 656 500	4 656 500	4 158 934
Pleie og omsorg	49 361 566	47 745 078	45 945 078	48 313 063
Kultur	6 647 291	6 897 016	6 897 016	6 216 392
Kyrkja	3 586 511	3 435 000	3 435 000	3 588 350
Teknisk	12 635 874	7 435 825	6 635 825	11 871 771
Andre tenesteområde	-21 908 749	635 968	- 3 364 032	- 9 893 336
Sum til fordeling 1A	148 754 601	157 121 676	151 021 676	151 858 918

Felles «visma prosjekt» for alle kommunar i regionen (ikt nord- hordland) vart innført og teke i bruk frå og med 2018 med felles kontoplan og struktur. Dette har medført litt konsekvensar for 1B- oppbygginga, slik at den ikkje er heilt lik oppbygginga slik den var t.o.m. 2017- rekneskapan. Nokre feil er konstatert, og som ein rettar opp i 2019, og så får ein leve med nokre avvik mellom ram- meområda i 2018 så lenge totalrekneskapan stemmer. Generelt er kostnader som ein har vore usikker på, vorte ført som adminis- trasjon og påført eit avvik i 2018. Nokre rammeområde har store avvik som treng kommentarar, m.a. skule – som og låg skeivt i 2017 og i 2018 med eit avvik på 5,3 mill.kr. Grunnskule samla med eit

avvik på 2,9 mill.kr. der gjesteelevar frå andre kommunar og for- delte ikt-kostnader står for ein stor del av avviket. I tillegg er det avvik innan SFO med knappe 200.000, skulelokale med 600.000 knytt til reinhald og straum, skuleskyss med 238.000, og vidaregå- ande skuletilbod med 1,2 mill.kr., der stor del gjeld punktutbetring fylkesvegar med 2,8 mill.kr. brutto, tilskot 2 mill.kr., slik at netto 800.000 har ingenting med skule å gjere, men ført under ramme- område skule.


Pleie- og omsorg, samla avvik med ca. 1,6 mill.kr. i høve justert bud- sjett og 2,4 mill.kr. i høve opphavleg budsjett. Omsorgsbustadar, budsjettert med inntekt 750.000, enda opp med utgift 700.000, og eit avvik med 1.450.000 Dette skuldast m.a. avvik på avskri- vingar 450.000, tenestekjøp private med 822.379 mot budsjett på 0, og der 808.750 gjeld konsulenttenester i samband med nye omsorgsbustadar Hosteland som skulle ha vore ført i investering. Institusjon hadde netto avvik med 424.000. Her var det ikkje bud- sjettert med avskrivning, og avskrivning utgjør over 1,1 mill.kr., avvik straum og kommunale avgifter, men innsparing løn etc. Masfjor- den sjukeheim hadde netto avvik med 649.000. Teknisk har stort avvik på mange av tenestene, som kjøp av tenester til utarbeiding av kommuneplan og andre planar, avvik i høve budsjettering stil- linga, tilrettelegging bustadføre mål, kommunale vegar i drift med overforbruk på over kr. 800.000,-, feiing, brann 500.000. Vatn har avvik på 1,3 mill.kr. Elles spesielle forhold i 2018, ein del kostnader kring fiber – finansiert med fond, 2,4 mill.kr. I tillegg punktutbe- tring fylkesveg 2,8 mill.kr., og tilskot 2 mill.kr. Straumutgiftene ein del høgare enn budsjettert.

BALANSEN

Balansen gjev eit oversyn over eigedelar, gjeld og eigenkapital

Tal i heile 1000	2008	2009	2010	2011	2012	2013	2014	2015	2016	2017	2018
Anleggsmidlar	288 694	317 577	345 638	357 044	376 750	390 219	415 669	430 323	444 280	463 017	487 878
Omløpsmidlar	58 573	65 925	63 235	70 326	67 512	77 196	77 085	83 841	85 599	99 819	102 730
Sum eigedelar	347 267	383 502	408 873	427 370	444 262	467 415	492 754	514 164	529 879	562 836	590 608
Kortsiktig gjeld	17 076	20 569	21 705	29 284	24 804	27 843	28 232	29 081	27 185	34 893	29 889
Langsiktig gjeld	200 124	217 251	231 532	266 540	281 107	300 559	320 073	332 138	345 078	356 194	363 857
Eigenkapital	130 067	145 682	155 636	131 546	138 351	139 012	144 448	152 945	157 615	171 749	196 862
Sum gjeld og EK	347 267	383 502	408 873	427 370	444 262	467 414	492 753	514 164	529 878	562 836	590 608

Utviklinga av eigedelar frå 1991 og fram til i dag (tal i heile tusen)



Anleggsmidlar

Endring i pensjonsmidlar i Kommunal Landspensjonskasse og Statens pensjonskasse er 24,2 mill. kr i 2018 til 256,5 mill. kr.

Netto endring på aktivering og avskrivning av anlegg, utstyr og maskiner i 2018 er ned 0,4 mill. kr. Netto endring på utlån er kr 394 000 og gjeld utlån Startlån og lån frå kraftfondet. Aksjar og eigedelar aukar med kr 659 241 og gjeld eigenkapitaltilskot til KLP.

Omlaupsmidlar


Sum av omlaupsmidlar er auka med 2,9 mill kr. Kortsiktige fordringar mot andre er redusert med 5 mill. kr. Akkumulert premieavvik er auka med 1,2 mill. kr. Aksjar, andelar og obligasjonar er redusert med 1,2 mill. kr. Kasse og bankinnskot er i 2018 redusert med 2,4 mill. kr.



EIGENKAPITAL OG GJELD


Eigenkapitalen

utgjør pr. 31.12.2018 33 % av sum egenkapital og gjeld. Langsiktig gjeld utgjør 62 % av sum egenkapital og gjeld og kortsiktig gjeld utgjør 5 % av sum egenkapital og gjeld.



Fondsmidler

auka i 2018 netto med 8,7 mill. kr. (avsett 16,8 mill.kr. og brukt 8,1 mill.kr) og utgjør 68,2 mill kr.



Saldo brufond

utgjør pr. 31.12.2018 kr. 8.040.326

Masfjorden kommunestyre fatta følgjande vedtak den 31.5.2012, sak 45:

1. Masfjorden kommune går inn med 40 mill. kr. som eigenfinansieringsdel i Masfjordsambandet.
2. Det vert gjort ei årleg avsetjing på 1 mill. kr. frå kraftfondet til brufond til prosjektet vert realisert og finansieringsbehovet oppstår.

Lånegjeld



Lånegjelda gjekk ned med 3,2 mill. kr. i løpet av 2018, og utgjør 69 mill.kr.

I langsiktig gjeld ligg og pensjonsforpliktinga som har auka med om lag 10,8 mill. kr. i 2018.

Samla har Masfjorden kommune ei langsiktig gjeld på 363,9 mill. kr.

Arbeidskapital

Endring i arbeidskapitalen viser at kommunen har auka sin økonomiske handlefridom med 7,9 mill.kr. i 2018




NÆRING/ KRAFTFONDET

Masfjorden har ei eiga årsmelding om næring/kraftfondet som ein finn på kommunen si heimeside www.masfjorden.kommune.no under Start→ Sjølvhjelp → Kraftfondet, samt strategisk næringsplan.

KOSTRA

KOSTRA (KOMMune-STat-RApportering) er eit nasjonalt informasjonssystem som gir styringsinformasjon om kommunalt virke. Informasjonen om kommunale tenester og bruk av ressursar på ulike tenesteområde blir registrert og samanstillt for å gje relevant informasjon til avgjerdstakarar både nasjonalt og lokalt. Informasjonen skal gje betre grunnlag for analyse, planlegging og styring. KOSTRA-tal er innrapporterte rekneskapstal pr. 19. februar 2019 for 2018 (Årsmelidnga var ferdigstilt 30.03.2019) Endleige KOSTRA-tal for 2018 kjem etter at årsmeldinga er ferdigstilt.

Folketalet i Masfjorden 2008 - 2018



Finansielle nøkkeltall	Masfjorden 2018	Lindås 2018	Gulen 2018	Gjennomsnitt kommunegruppe *06 2018	Gjennomsnitt alle kommunar utan Oslo 2018	Gjennomsnitt Hordaland 2018
Brutto driftsresultat i prosent av brutto driftsinntekter	1,9	0	0,6	1,2	1,2	1,1
Netto driftsresultat i prosent av brutto driftsinntekter	3,4	2,9	11,4	3,4	2,1	3,3
Frie inntekter i kroner per innbyggjar	74 764	53 974	72 071	77 412	55 132	53 994
Langsiktig gjeld i prosent av brutto driftsinntekter	28,5	104,7	56,7	86,1	96,9	96,8
Arbeidskapital i prosent av brutto driftsinntekter	24,6		30,2	28,1	19,7	17,3
Netto driftsutgifter per innbyggjar 1-5 år i kroner, barnehagar	202 448	143 163	160 289	164 848	153 249	154 106
Netto driftsutgifter til grunnskoleopplæring, per innbygger 6-15 år	197 162	121 745	180 033	179 085	112 430	113 540
Netto driftsutgifter pr. innbygger i kroner, helse- og omsorgstjenesten	35 942	24 220	37 189	38 659	21 977	20 683
Netto driftsutgifter per innbygger 0-22 år, barneverntjenesten	4 479	12 197	3343	13 044	8 326	8 170
Netto driftsutgifter til administrasjon og styring i kr. pr. innb.	10 531	4 246	6 905	9 399	3 682	3 375
Andel barn 1-5 år med barnehageplass, prosent	95,4	90,8	95,9	88,8	92,2	92,7
Andel elever i grunnskolen som får spesialundervisning, prosent	11,3	9,0	5,6	10,1	7,9	7,1
Andel plasser i enerom i pleie- og omsorgsinstitusjoner, prosent	100	95,7	69,2	89,6	89,7	92,4
Andel barn med barneverntiltak ift. innb. 0-22 år, prosent	4,2	3,1	6,8	5,9	3,9	3,5
Korrigerte brutto driftsutgifter i kroner per barn i kommunal barnehage	220 000	160 335	178 607	185 546	168 204	169 134
Korrigerte brutto driftsutg. til grunnskole, per elev	158 243	108 151	136 284	145 546	98 357	97 468
Gjennomsnittlig gruppestørrelse, grunnskule	8,7	15,2	9,3	10,2	16,0	16,4
Årsgebyr for vannforsyning (gjeld rapporteringsåret+1)	4 950	3 717	4 288	3 778	3 252	3 518
Årsgebyr for avløpstjenesten (gjeld rapporteringsåret+1)	3 400	1 663	3 960	3 619	3 745	3 145
Årsgebyr for avfallstjenesten (gjeld rapporteringsåret+1)	3 088	3 808	3 488	3 006	2 682	2 048
Netto driftsutgifter pr. innbyggjar, kyrkja	1 808	985	1173	1 382	637	658

Kostragruppe 06: Små kommunar med høge bundne kostnader per innbyggjar, høge frie disponible inntekter.

Meir info om Masfjorden kommune/kommunesektoren elles finn ein under www.kostrano.no



KRAFTINNTEKTER

Masfjorden kommune hadde om lag 44,8 mill.kr. i kraftrelaterte inntekter i 2018, opp frå 36,1 mill.kr i 2017, noko som utgjør om lag 17,9 % av kommunen sine samla driftsinntekter. Ein har tidlegare år vore oppe at i om lag 25% av dei samla inntektene var knytt til kraftproduksjonen i kommunen. Auken ligg i konsesjonskraft og mindre trekk i inntektsutjamninga.

Konsesjonsavgifter		2 835 983
Naturressursskatt	11 715 651	
Trekk inntektutjamning	-1 900 000	9 815 651
Konsesjonskraft		12 953 893
Eigedomsskatt kraftverk:		18 662 824
Utbytte		554 319
Sum kraftinntekter 2018		44 822 670

Vertskommunen sine viktigaste lovheimla kraftordningar består av

- Konsesjonsavgift – industrikonsesjonslova § 2 nr. 13 og vassdragsreguleringslova § 11 nr. 1
- Konsesjonskraft – industrikonsesjonslova § 2 nr. 12 og vassdragsreguleringslova § 12 nr. 15
- Eigedomsskatt – eigedomsskattelova av 6.juni 1975 nr. 29
- Naturressursskatt – skattelova § 18-2

Konsesjonsavgift

Ved kraftutbygging vert regulator pålagt å innbetale ei avgift (konsesjonsavgift) til kommunen som Kongen bestemmer. Regulator kan og verte pålagt å opprette eit fond i dei einskilde kommunane. Fondet og dei årlege konsesjonsavgiftene utgjør det som ein kallar for Kraftfondet. Kraftfondet har ein fondskapital på ein million kroner innbetalt av Bergenshalvøens kommunale kraftselskap (BKK) i medhald av punkt 12 i konsesjonsvilkåra for regulering og overføring i Matrevassdraget. Fondet vart oppretta ved kongeleg resolusjon av 11. desember 1964 og i medhald til punkt to i konsesjonsvilkåra for ytterlegare reguleringar og overføringar i Matre og Haugsdalsvassdraga i samband med bygging av Haugsdal kraftanlegg (Vemundsbotten kraftstasjon), gjeve med kongeleg resolusjon av 8. februar 1980. Fondet vert årleg tilført avgift, som i 2018 utgjorde omlag 2,8 mill.kr.

Det er eige budsjett og eige styre for handsaming av søknader knytt til disponering av fondsmidlane.

Konsesjonskraft

Etter gjeldande lover skal inntil 10 % av henholdsvis gjennomsnittleg kraftmengde (ved ervervskonsesjonar) eller kraftauke (ved reguleringskonsesjonar) avståast til dei kommunar eller fylkeskommunar der kraftanlegga ligg.

Avståing og fordeling av konsesjonskraft vert avgjort av vedkommande departement med grunnlag i kommunen sitt behov til den alminnelege elektrisitetsforsyning. Samla konsesjonskraftvolum utgjør 68,9GWh i Masfjorden. Det kommunen ut i frå alminneleg

forsyning ikkje tek ut, går til fylkeskommunen.

Det er ulike reglar for fastsetjing av prisen på konsesjonskraft avhengig av om konsesjonane er gitt før eller etter 10. april 1959.

Prisregime før og etter 1959 med bakgrunn i lovending, som inneber at pris før 10.april 1959 – fastset partane sjølv prisen, basert på ei sjølvkostberekning ved det aktuelle kraftverket, og følgjer m.a. av rettleiar KTV – notat nr. 53/2001, NVE – for konsesjonar gitt før 10.4.1959.

Pris etter 10.april 1959 – vert fastset av Olje- og energidepartementet (OED). OED fastset pris jf. inkl. § 2 nr. 12, 6.ledd basert på gjennomsnittlig sjølvkost for et representativt tal vasskraftverk i heile landet. OED-pris for 2018: 11,2 øre/kWh .


Masfjorden kommune har i løpet av året jobba for å få samordna prisregime og knytt desse til OED- pris. Førebels har kommunen kunne teke ut konsesjonskraft til OED pris/evt. sjølvkost som er lågare enn OED- pris. Volumet som kommunen kan ta ut og disponere fritt har auka gradvis. Utbygging Matre H vil medføre høgare sjølvkostgrunnlag i åra framover, som gjer at kommunen sin gevinst vert redusert. Mot slutten av 2017 inngjekk kommunen ein 5 års avtale med BKK om at all konsesjonskraft skal prisast til OED- pris, og ikkje sjølvkost. Vidare har ein inngått avtale med Hordaland fylkeskommune som inneber at dei og får ta ut konsesjonskraft til OED -pris, og for 2018 får Masfjorden ta ut 19 GWh av fylket sin del. Kommunen vil få ein mindre reduksjon i eigedomsskatten som følgje av desse avtalane.

Alminnelig elforsyning

Den konsesjonskraftmengda som kommunen kan ta ut er avgrensa til kommunen sitt behov for elkraft til alminneleg elforsyning innan kommunen. Ved fastsetting av eige behov vert det ikkje teke omsyn til verken eigen kraftproduksjon eller medeigarskap i andre sine utbyggingar. Dette forholdet avgrensar kommunen sin rett til uttak av konsesjonskraft. I 2018 tok vi ut konsesjonskraft tilsvarande 53 GWh av den tildelte konsesjonskrafta på 68,9GWh. Volumet utover det kommunen tek ut går til Hordaland fylkeskommune. Forvaltning av konsesjonskrafta for 2018 har vore basert på spotpris straum og lokal områdepris ut mai, med prisgaranti frå juni og ut året – høge straumprisar ga høg netto inntekt.

Eigedomsskatt er ein viktig skatt for Masfjorden kommune, og ut-skriven for verk og bruk. Denne inntekta utgjorde 18,6 mill. kr. i 2018 som er ein del lågare enn det som ein hadde tidlegare. Tid-legare prognosar tilsa ytterlegare stor nedgang i eigedomsskatt for kraftverk, medan oppdaterte prognosar i løpet av 2018 tilseier at vi får ein liten nedgang i 2019, og deretter auke i eigedomsskatte-grunnlag. Masfjorden kommune har fram til og med 2018 skrive ut eigedomsskatt berre på verk og bruk i medhald av eigedomsskattelova §3 første ledd bokstav c. Frå skatteåret 2019 er eigedomsskattelova endra, slik at §3 første ledd bokstav c no lyder «berre på kraftverk, vindkraftverk, kraftnettet og anlegg omfatta av særskattereglane for petroleum». Kommunen har starta med taksering av eigedomar, Takseringsarbeidet fortsett i 2019 med sikte på utviding til næringsseigedom, jf. esktl. § 3 bokstav d, og alminnelig taksering med verknad frå 2020, slik at for eigedomsskatteåret 2020 vert det skriven ut eigedomsskatt på næringsseigedom, kraftverk, vindkraftverk, kraftnettet og anlegg omfatta av særskattereglane for petroleum, jf. eigedomsskattelova (esktl.) § 3 første ledd bokstav d.

Naturressursskatten er ein særskatt for kraftproduksjonsanlegg, og utgjør 1,3øre/KWh, der 1,1 øre går til kommunen og 0,2 øre til fylkeskommunen. Naturressursskatten vert utjamna i kommunen sitt inntektssystem, og snitt for kommunane er at ein beheld om lag halvparten av denne skatten. Naturressursskatten utgjør brutto for 2018 kr. 11 715 651, noko som er ein liten auke i høve 2017. Kommunen får eit trekk i netto inntektsutjamning med om lag 1,9 mill.kr. (dette trekket har vore langt større tidlegare år, i fjor med 3,1, 3,7 mill.kr.året før og utgjorde kr. 4.707 000 i 2015, har har elles vore over 6 mill.kr), og der ein sitt att med netto nær 9,8 mill. kr. Masfjorden kommune er ein stor vertskommune for kraftutbygging, men er ein liten eigar. Kommunen har eigardel med 0,1% i BKK som i 2018 ga eit utbytte kr. 554 319.



SENTRAL- ADMINISTRASJONEN MED TENESTETORGET OG IKT

Kommunen si heimeside er tenkt å vere eitt av fleire kontaktpunkt mellom kommunen og innbyggjarane. Her skal ein finne aktuell, korrekt og oppdatert informasjon frå kommunen. Likeeins er heimesida ein stad der publikum skal kunne melde inn saker, til dømes via elektroniske skjema som vert gjort tilgjengelege via heimesida. I 2018 har kommunen fått ny heimeside i lag med dei andre kommunane i IKT-Nordhordland. Det medførte mykje arbeid hausten 2018 med å laga ny struktur og nye sider i den nye portalen, som vart teken i bruk den 12. desember. Arbeidet med utvikling av heimesida pågår kontinuerleg, og nye funksjonar kjem til etter kvart. Det er framleis ei utfordring å få innhenta aktuell og oppdatert informasjon frå einingane, samt å fornye sider som er lite i bruk.

Kommunen sitt intranett er tenkt å vere ein informasjonskanal og ressurs for dei tilsette. Her kan tilsette finna mykje informasjon og få lett tilgang til skjema, rutineskildringar og viktige styringsdokument m.v. Det er eit mål å få aktivisert denne portalen på ein måte som gjer at dei tilsette får endå større nytte av denne kanalen. Kommunen har og delteke i felles utviklingsarbeid i regi av IKT Nordhordland.

I meldingsåret har det i tillegg vorte jobba mykje med implementeringa av GDPR (personvernforordninga) i organisasjonen. Sentralt i dette arbeidet har Rune Garmann vore, som i tillegg har vore engasjert i IKT-Nordhordland for å få dette på plass i heile Nordhordland. Kommunen har i meldingsåret fått godkjent vår eigen personvernerklæring, og Lars Erling Aarland er oppnemnd til personvernombod. På heimesidene ligg det no ute mykje informasjon om personvern og korleis kommunen skal forvalta personvernopplysningar.

Masfjorden kommune har hatt ei sentral og viktig rolle for innføring/implementering av velferdsteknologi, og vore ansvarleg kommune for m.a. fellesprosjekt for 10 kommunar i regionen og eit anna prosjekt for 6 kommunar.


Utval	Tal på møte	Handsama saker
Formannskapet	10	108
Kraftfondstyret	4	22
Kommunestyret	6	75
Administrasjonsutvalet	1	6
Teknisk utval	2	11
Tilsetjingsutvalet	6	26
Valstyret	0	0
Eldrerådet	2	7
Råd for menneske med nedsett funksjonsevne	2	6
Arbeidsmiljøutvalet	3	12

Økonomi, løn og personal har vore med på eit prosjekt saman med dei andre kommunane i Nordhordland, der vi tek sikte på å standardisere oppbygginga og bruken av økonomi-, løns- og personalsystem, medoppstart 1.1.2018. Våren 2018 vart nytta til opplæring i det nye systemet.

Masfjordsambandet – bru over Masfjorden, med møte både regionalt og nasjonalt for å styrke finansieringa knytt til ferjeavløysingsprosjekt og bruk av bompengar.

Samarbeidsprosjekt med andre kommunar
Økonomistyring

Tilrettelegging og oppfølging av saker til politisk handsaming knytt til saker som skulestruktur, Fensfjordbygget, nye omsorgsbustader, vindkraft og ulike typer plansaker med vidare.



Netto driftsutgifter i kr pr innb. til administrasjon og styring



Sentraladministrasjonen omfattar rådmannskontoret, tenestetorget, rådgjevargruppa, løns- og personalkontor, økonomi/kommunekassa, skattekontor og IKT-tenesta.

Tenestetorget fekk eigen lærling i kontor- og administrasjonfaget i august, og det vart laga eigen opplæringsplan for vedkomande. Ein tilsett har delteke på arkivskulen i Oslo for å styrka kompetansen knytt til dokumenthandsaming/ arkivarbeid.

1. oktober gjekk oppvekstsleiar Alf Strand av med pensjon, etter over 40 års tenestetid i kommunen, og han har hatt varierte opp-



gåver innan oppvekstsektoren og kultur som; Lærer Sandnes skule frå 1. august 1978, og rådgjevar ved skulen frå hausten 1982, Rektor ved Matre og Sandnes skular, frå aug 2005 rådgjevar for oppvekst og kultur, seinare om gjort til oppvekstsleiar.

Masfjorden kommune takkar Alf for lang og god teneste. Etter ein rekrutteringsprosess vår/sommaren, kom Rita Ludvigsen i september 2018 inn som ny oppvekstsleiar.

Det var ei stor endring i leiargruppa i kommunen 2018, 2 av 5 slutta. Økonomi- og personalleiar Kristian Moen slutta i stillinga 31.12.2018., og her er bilde frå ei av fleire avslutninga for han. Kommunen takkar han for innsatsen i Masfjorden kommune.



PERSONAL

	Kvinner	Menn
Totalt tilsette pr. 31.12.17	231	48
Sjukefråvære	7,8	4,8

Dei kommunale arbeidsplassane er delt inn i sju verneområde, der følgjande tilsette var valt til verneombod i 2017:

Verneområde:	Verneombod:
Heimetenesta Sør, Heimetenesta Indrefjorden, Heimetenesta Nord, Svingen bu og avlasting	Mariann Fløtre
Masfjorden sjukeheim	Ann Camilla Wergeland
Nordbygda helsetun, NAV	Kamilla Haukeland
Nordbygda skule/SFO og Nordbygda barnehage	Kjersti Golten
Sandnes skule/SFO og Sandnes barnehage	Kjersti Andvik
Matre skule/SFO, Indre Masfjorden barnehage og vaksenopplæringa	Marita Vågseth
Kommunehuset, brann og redning	Ottar Myrtveit
Hovudverneombod	Bjørn Egil Nordland

Sjukefråveret

Tala er inkludert eigenmeldingar

År	1. kvartal	2. kvartal	3. kvartal	4. kvartal
2016	10,2 %	6,2 %	5,1 %	7,0 %
2017	9,6 %	7,2 %	5,8 %	9,1 %
2018	9,0 %	7,1 %	7,1 %	5,9 %



Lillian Haugsdal og Oddrunn Sætre har gått av med pensjon. Masfjorden kommune takkar dei for lang og god teneste innan pleie- og omsorg.



Lærlingar/TAF-elevar

Kommunen har dette året hatt ni lærlingar og to TAF- elevar som er fordelt slik:

Lærlingar

3 helsefagarbeidarar, 2 institusjonskokkar, 1 barne- og ungdomsarbeidar, 1 lærling i kontor og administrasjon

2 TAF-elevar i helsefag

PLANARBEID

Kommuneplanen for Masfjorden vart vedteken i kommunestyret den 31.05.2012.

Områdeplan for Masfjordbrua.



Kommunestyret handsama reguleringsplanen i møte den 28. november, i sak 069/2017, og planen vart då samrøystes vedteke. I brev av 11.12.17 vart vedtaket kunngjort, med klagefrist 3. januar 2018. Det kom inn 10 klager, som vart handsama i formannskapet i sak 013/2018 i møte den 13.02.2018. Ingen av klagenes vart tekne til følgje, og saka vart samrøystes sendt over til fylkesmannen i Hordaland til endeleg klagehandsaming. Fylkesmannen i Hordaland stadfesta i brev av 14.06.2018 vedtaket gjort i kommunestyret den 28.11.17.

Revisjon av kommuneplanen sin arealdel

Masfjorden kommune starta opp revisjon av arealdelen til kommuneplanen etter vedtak i formannskapet 19.09.2016 - sak 78/16. Dette vart annonsert i avisa Strilen 18.10.16 og på kommunen si heimeside. I den samanheng vart det bedt om merknader/innspel til planarbeidet med svarfrist 02.12.2016. Det kom få innspel til arbeidet og kommunestyret bestemte difor å utvide fristen for å kome med innspel til 01.02.2017. I desember 2017 var konsekvensutgreiinga og ROS- analysen på plass, og den 7.mars vart planskildringa med føresegnar og plankart gjort ferdig. Formannskapet hadde saka til handsaming i møte den 22.03.2018 (sak 026/18), og gjorde då vedtak om at dei ville drøfte saka i eige møte i ei utvida styringsgruppe for kommuneplanen. Saka kom opp til ny handsaming i formannskapet den 24.04.2018 (sak 036/18), og deretter i kommunestyret i sak 028/18 i møte den 3.mai. Kommunestyret gjorde då vedtak om å leggja planen ut til offentleg ettersyn, på vilkår om at 8 nye område vart tekne med, samt at eit område skulle gå ut. Administrasjonen fekk på plass ny planskildring, ny KY og ROS og revidert kart og føresegnar den 27.juni, og planen gjekk ut til offentleg ettersyn den 10.07.18 med frist 6. september for å koma med merknader. I høyringsperioden kom det inn 33 merknader. Både Kystverket og Fylkesmannen i Hordaland varsla motsegn, og det vart difor avhalde dialogmøte med Fylkesmannen i møte den 02.11.2018, der Kystverket si motsegn vart trekt. I brev av 20.11.18 kom fylkesmannen med mange krav

om endrig av kommuneplanen. I desember har administrasjonen arbeidd vidare med kommuneplanen, med sikte på å få den ferdighandsama våren 2019.

Private arealplanar

Mindre reguleringsendring for Hosteland sentrumsområde

Den 11.12.2017 sende administrasjonen ut brev til regionale styresmakter og naboar på høyring, om at det var kome inn ønskje om å endra på høgden på Fensfjordbygget innanfor reguleringsplanen for Hosteland sentrumsområde. Saka vart endeleg handsama i 2018 i kommunestyremøte den 22.02.2018, sak 003/18.

Risnes tomteområde

I 2014 vart det handsama ein privat reguleringsplan med namn Risnes tomteområde. Planen inneheld ca. 40 hyttetomter og 8 - 10 bustadtomter. Planen vart sendt ut til offentleg ettersyn den 18.02.2015. Denne planen vart endra på i 2017, og Fylkesmannen har i brev av 23.10.2017 trekt motsegna på bakgrunn av endringane som er gjort. Saka gjekk vidare til kommunestyret til endeleg handsaming i møte den 22.02.2018 (sak 004/18), der planen vart godkjent med nytt rekkjefølgjekrav knytt til ferdigstilling av 7 bustadtomter i nord. Det kom inn to klager på dette vedtaket, og kommunestyret handsama den 18.06.2018 desse klagenes, og gjorde då vedtak om ikkje å ta klagenes til følgje. Den 19.09.2018 handsama Fylkesmannen klagenes og gjorde då vedtak om at deler av vedtaket måtte handsamast på nytt. Kommunestyret handsama difor klagesaka på nytt i møte den 13.12.2018 (sak 106/18) og gjorde då samrøystes vedtak om å oppretthalda vedtaket frå sist.

Reguleringsplan for naustområde på Hosteland

Kommunestyret drøfta i sak 005/18 i møte den 22.02.2018 oppstart av eigen reguleringsplan for eit naustområde på Hosteland på gnr. 14 bnr. 3 m.fl. Formålet med planarbeidet er å leggje til rette for riving av deler av det eksisterande naustmiljøet og sikra at nye naust med kai/ småbåtanlegg kan koma på plass. Det vart då gjort samrøystes vedtak om at planarbeid skulle startast opp. Varsel om oppstart av plan gjekk ut i brev av 5.juni til grunneigarar og offentlege etatar. Hausten 2018 vart det i regi av føretaket ABO Plan & Arkitektur AS jobba med å laga reguleringsplan, og det kom då krav frå NVE om flom- og raskartlegging. Ved årsskiftet var endeleg framlegg til reguleringsplan ferdig produsert med naudsynte rapportar knytt til flom og ras.

Endring av reguleringsplan for Bjørkeneset

Planen skal erstatta tidlegare godkjent reguleringsplan for Bjørkeneset frå 2003. Planframlegget opnar for fleire bustader i feltet og bygging av 17 nye naust, samt småbåtanlegg i sjø. Formannskapet vedtok i møte den 29.08.2018, sak 067/18 å senda framlegg til reguleringsendring ut til offentleg ettersyn. I perioden 17.09.- 02.11. var planen ut på høyring, og det kom inn mange merknader, samt motsegn frå Fylkesmannen i Hordaland og NVE. Arbeidet med å vurdere planarbeidet pågår, og vonaleg vert det laga ein revidert plan med meir dokumentasjon/ utgreiing knytt til skred/ flomfare vinteren 2019.

Endring av reguleringsplan for Stordalshammaren

Formannskapet vedtok i møte den 22.03.2018, i sak 023/2018 å senda framlegg til reguleringsendring ut til offentleg ettersyn. Endringa handla først og fremst om å få på plass ein betre tilkomstveg opp til hyttefeltet. Det vert vidare vist til K. sak 050/2018 då



kommunestyret den 20.09.2018, gjorde vedtak om å godkjenne framlegg til reguleringsendring for Stordalshammaren. Vedtaket vart påklaga av to paratar, og saka kom opp til ny handsaming i januar 2019.

Kulturminneplan for Masfjorden

Formannskapet vedtok i møte 7.11.2017, sak 99/2017 å senda framlegget til planprogram for kulturminneplan ut på høyring.

Dette arbeidet er i samsvar med den vedtekte planstrategien for perioden 2016 – 2020, som vart vedteke i kommunestyret den 28.09.2016. Hordaland fylkeskommune har gjeve kr 100.000,- i tilskot til planarbeidet. Sommaren 2018 vart nytta til feltregistreringar og mykje fotodokumentasjon av status for kulturminna vart framskaffa. I haust har det vorte jobba med å laga ferdig statusdelen, og å laga til eit grunnlag for verdivurderinga, som igjen er viktig før tiltak/ handlingsplan vert gjort ferdig.

BREIBANDSUTBYGGING

I brev av 5 oktober 2017 sende Nasjonal kommunikasjonsmyndighet (NKOM) ut brev med tilsagn om å gje krone 6 million til vidare breibandsutbygging til fleire område i kommunen. Kommunen utarbeidde grunnlagsdokument for utlegging til konkurranse om utbygging i vinter, og anbodet kom ut i februar 2018. Den 22.juni.2018 vart det inngått skriftleg kontrakt med føretaket Telenor Norge AS. Anleggsbidraget til Telenor er på til saman krone 11.483.739,- og må finansierast i løpet av 2019, og det kommunale bidraget vert på ca 5,5 mill.kr. Kommunestyret handsama saka den 18.06.18, i sak 038/18. Vedtaket betyr at så godt som alle bustader i Masfjorden vil få tilbod om fullverdig breiband. I følgje kontrakten skal arbeidet starta opp vinteren 2018 og vera ferdig innan 2019.

Dei aktuelle områda som det no er inngått kontrakt med Telenor er: **Kvamme – Kjekallen, Duesund, Areklett, Ådnekvamme, Mollandseid, Risnes, Tangedal, Kjerdal, Lauveidet – Gunnarbuøyra, Bergsvik, Fossdal, Solhaug, Eikemo, Knappen, Kalhovda, Indre Hope, Trodalen, Indre Haugsdal, Haukeland, Kvamsdalen – Byrkjeland og Molland.**

Før sommaren 2018 fekk i tillegg bygdene Rekneset og Andvik breiband (fiber). Arbeidet vart utført av Telenor. Hordaland fylkeskommune (HFK) ga tilskot til prosjekta med krone 315.000,- til Rek-

neset og krone 266.000,- til Giljane/ Skjelsundet. Rundt desember fekk difor også bustadane i området Giljane og Skjelsundet fiber fram til seg i regi av Telenor. Dette arbeidet kosta kommunen krone 850.000,- Mykje av grøftearbeidet frå hovudvegen vart gjort på dugnad i regi av lokale krefter. Kommunen inngjekk eigen avtale med dugnadsgjengen, for å sikre gjennomføringa. Begge tilskota frå HFK er no utbetalt.

Hausten 2018 byrja Eltel Networks å prosjektera/ planleggja arbeidet i detalj, og framdriftplan vart laga for heile arbeidet.



Har signert avtalen. Frå venstre Remy Mjelstad frå Telenor Norge AS, region Vest, i midten Arne Quist Christensen, moderniseringsdirektør i Telenor Norge AS og ordføraren til høgre.

STORE INVESTER- INGAR FRAMOVER

Investeringsplanen 2019-2022 er ambisiøs. 2 store prosjekt ligg i sjølve investeringsbudsjettet, i form av omsorgsbustadar/dagsenter Hosteland (med 49,9 mill.kr. brutto) og Fensfjordbygg 33.4 mill.kr., medan 2 andre ligg i driftsbudsjettet, satsing Masfjordsambandet (som er eit regionalt ansvar)

og løyving med 40 mill.kr. (i 2012 kr) og fiber (kor kommunen går inn med tilskot, og ikkje eigar), med omlag 12 mill.kr.

	2019	2020	2021	2022
IKT- og EDB investering	500 000	500 000	500 000	500 000
Nordbygda skule -utbetring tak	1 000 000			
Nordbygda skule -ventilasjon	1 300 000			
Masfjorden sjukeheim -signalanlegg	500 000			
Kommunale bygg		3 300 000	3 300 000	3 300 000
Matre skule -ringe- og brannvarsling	300 000			
Sandnes skule - rehabilitering	200 000			
Omsorgsbustad mm. Hosteland	32 500 000	17 400 000		
Fensfjordbygg		33 400 000		
Kommunale vegar	1 000 000	1 000 000	1 000 000	1 000 000
Bustadfelt tilrettelegging	750 000	750 000	750 000	750 000
Vassforsyning	600 000	600 000	600 000	600 000
Investering i anlegg	38 650 000	56 950 000	500 000	500 000

BARNEHAGANE

Kommunedelplan for oppvekst 2014-2026 fortel om status og utfordringar innafør barnehagesektoren, og den seier noko om korleis vi vil ha det innanfor området oppvekst i Masfjorden kommune. Dette vert meir konkretisert i Handlingsplan 2014-2018.

Til dømes: Barnehage og skule skal gje eit likeverdige tilbod i alle tre oppvekstområda. Barnehagane løyser dette med å ha felles satsingsområde for alle tre barnehagane, og ein felles del i årsplanen. Satsingsområder for perioden 2014-2018 er musikk, drama og forming. Målet for dette arbeidet er:


Barna har gjennom rike erfaringar med musikk, drama og forming fått høve til sansing, lytting, oppleving, eksperimentering, skapande verksemd, estetiske uttrykk, tenking og kommunikasjon, og dei har skapt sin eigen kultur utifrå egne opplevingar.

Det er utarbeidd egne progresjonsplanar for musikk, drama og forming. Ny sentral rammeplan for barnehagar vart sett i verk frå 1.8.2017.

Masfjorden kommune hadde full barnehagedekning i 2018. Alle som søkte, fekk plass. Det er to hovedopptak pr. år. 1. mars og 1. oktober.

Masfjorden har framleis barnehageprisar som ligg under makspris. Prisen i 2018 var kr 2730,- pr. mnd for full plass. Ingen av barnehagane har hatt ventelister.

Dei tre barnehagane har eit utstrakt samarbeid på styrarplan med møte minst ein gong for månaden. Arbeid med implementering av ny Rammeplan har vore eit av satsingsområda. Kommunale samlingar for dei pedagogiske leiarane har halde fram. Hausten 2018 var to av barnehagane ferdig med «De Utrolige Årene», medan den tredje barnehagen byrja sitt arbeid med «De Utrolige Årene».



Netto driftsutgifter per innb. 1-5 år i kr., barnehagar

Det vart halde tilsyn med barnehagane i 2018. Tema for tilsynet var «Spesialpedagogisk hjelp» §19.

Masfjorden kommune fekk i desember 2018 varsel om tilsyn frå Fylkesmann i Hordaland. Tema for dette tilsynet var §19g «Barn med nedsett funksjonsevne» i Barnehagelova.

Barnetal og prognosar

2014:	2015:	2016:	2017:	2018:
87	91	90	102	91

Årsverk barnehagane

2013:	2014:	2015:	2016:	2017:
23,55	25,67	27,65	27,82	31,77

Mål og visjon

Barnehagane i Masfjorden byggjer den pedagogiske drifta si på tre hovudmål:

1. At barna er trygge og trivst
2. At barna lukkast i sosial samspel på tvers av alder
3. At barna får ei oppleving av at omsorg, leik og læring går hand i hand

Visjonen vår er det vi skal strekkje oss mot, og som er hovudfokus for arbeidet vårt i barnehagen:

Ein barnehage me er stolte av!

Alle, både store og små, skal trivast i barnehagen. Dei vaksne skal sjå kvart einskild barn, og gje dei gode mogelegheiter for å utvikle seg positivt. Barna skal føle at me har TID til dei, og at dei vert tekne på alvor. Me ynskjer at barnehagen skal vere eit positivt samlingspunkt i nærmiljøet.



INDRE MÅSFJORDEN BÅRNEHAGE

Våren 2018

Etter jul starta vi opp med 23 barn fordelt på 33 plassar. Utover våren kom det to nye barn på Bamsebu, to barn flytta over og eitt nytt barn begynte på Revehiet, slik at til sommaren var det 26 barn fordelt på 38 plassar i barnehagen.

På Bamsebu jobba dei med å setje ord på og kjenne att kjensler hjå seg sjølve og kvarandre. Dei har også jobba med begreprestening, og korleis vi brukar dei ulike omgrepa i kvardagen.

På Revehiet var fokuset på vennskap, og at gode opplevingar saman kan vere grobotn for nye vennskap.

Felles bading for alle førskulebarna i kommunen heldt fram, og samarbeidet vart avslutta med ein fellestur til Dyrkolbotn.

Førskulebarna har hatt samarbeid med 1. klasse og skulen gjennom felles skrivdansen, utedagar, fadrane i 5. klasse og førskuleveka i begynnelsen av juni.

Det vart gjennomført tur til «Granden» i Ikjefjorden for barna på Revehiet. Tradisjonen tru overnatta førskulebarna i barnehagen. I juni arrangerte foreldra sommarfest for barna, foreldra og personalet.

Barnehagen hadde feriestengt to veker i sommar. Det var ikkje felles drift med SFO dette året.

Hausten 2018

Ved oppstart av nytt barnehageår talde vi 14 barn fordelt på 17 plassar på Revehiet, og 3 barn på 6 plassar på Bamsebu. Totalt 17 barn fordelt på 20 plassar i barnehagen. I løpet av hausten kom det til to barn på Bamsebu, og to på Revehiet, slik at vi talde 21 barn fordelt på 26 plassar til jul.

På Revehiet har dei jobba med språk- og leikegrupper. I oktober fokus starta arbeidet med FORUT-aksjonen 2018, eit samarbeid med 1.-4. klasse som vart avslutta med ein storslått kafé på skulen i november. Alle inntektene frå kaféen, ca 8000 kr, går til FORUT sitt arbeid for barn på Sri Lanka.



Bamsebu starta opp med tre barn i august, og fekk såleis ein veldig roleg start på barnehageåret. Fokuset var tryggleik og rutine. I oktober kom det to barn til, og hausten heldt fram med innkøyring for desse to. Fokus har også vore språkutvikling og sosial kompetanse.

Juleførebuing og juletradisjon er ein viktig del av barnehagekvardagen før jul. I år, som i fjor, flytta «Rampenissen» inn 1. desember, og underheldt oss med artige sprell i førjulstida. Soknepresten og organisten var innom og hadde julesamling, og nissen kom innom og la att noko i skuret som takk for at vi hadde sett ut graut.

Arbeidet med brua over Matreselva har påverka kvardagen vår ein del denne hausten. Anleggsgjerdet har stått inne på barnehagen sitt område, og vi har mellom anna ikkje fått nytta dissene så lenge arbeidet har pågått.

I september vart barnehagen evakuert då ein på grunn av unormalt høg vassføring i Matreselva var redd for at krana som var plassert i elva skulle velte ned på barnehagen sitt uteområde. Barnehagen søkte tilflukt på skulen. Heldigvis gjekk alt bra!

Like før jul kom det på plass ein avtale om ein sum pengar som barnehagen får som kompensasjon for «turt og svie» i høve til arbeidet med brua. Pengane skal brukast til innkjøp av ei ny leikehytte i 2019. Det ligg også ein avtale om drenering av delar av plenen på utområdet som kompensasjon for «lånet» av uteområdet i bruarbeidet.

Brukarundersøking

I november vart det gjennomført brukarundersøking blant foreldra i barnehagen. Med over 90 % deltaking har vi eit godt utgangspunkt for det vidare arbeidet med undersøkinga.

Kompetanseheving

Alle tilsette i Indre Masfjorden og Sandnes barnehagar har gjennomført opplæring i DUÅ sitt barnehage- og skuleprogram, og har gjennomført ei av tilsaman sju etterrettleiingar i høve dette.

Felles kurs i brannvern for alle barnehagetilsette september 2018. Tre tilsette har godkjent livredningskurs.

Medarbeidarar

Ved nyttår 2018 var det knytt 7,9317 stillingar til barnehagen. På grunn av auke i barnetal og noko sjukefråver, vart det tilsett ekstra 60 % bemanning frå april og ut barnehageåret.

Hausten 2018 var det 7,1 stilling knytt til barnehagen.

Reinholdar i 38 %. Barnehagen hadde ein praksiselev frå Knarvik vidaregåande frå haustferien og fram til jul.

Det vart nytta ferievikar i 3 veker for å få sommarferiekabalen for personalet til å gå opp.

Investeringar

Vinteren 2018 vart dekket på altanen skifta ut, og det vart sett inn ny altandør. Sommaren 2018 vart det montert nytt ventilasjonsanlegg.

Utfordringar

Det er framleis ei utfordring i barnehagane å få tak i kvalifisert personell i dei stillingane vi lyser ut.

NORDBYGDA BÅRNEHAGE

Samarbeid mellom dei 3 barnehagane i kommunen:

- Bading på Matre for dei eldste barna i alle 3 barnehagane i perioden frå oktober til mai.
- Førskuletur som avslutning på badinga.
- «De utrolige årene», forkorta til DUÅ, vart gjennomført i alle 3 barnehagane i 2018. Nordbygda barnehage er ferdig med sine workshops 15.august 2019. Dette er eit felles satsingsom rådet for å auke kompetansen til personalet i Masfjordbarnehagane.

Samarbeid mellom barnehagen og skulen i Nordbygda oppvekst-område:

Årsplan for samarbeid siste året før skulestart med 4 felles samlingar frå januar til april/mai, fadderordning, overgangssamtalar og ferieavvikling.

Språkstimulerande metodar me bruker i vår barnehage:

- Me pratar med, og seier namn på tinga rundt oss, saman med barna heile tida.
- Me brukar biblioteket der bibliotekar Kjellaug les høgt for mindre barnegrupper kvar veke, og me låner med oss bøker til barnehagen
- Bøker er tilgjengeleg for barna i avdelingane, og dei er veldig glade i si eiga bok som foreldra har laga, og som heng på avdelingane der dei minste barna går.
- Me spelar spel, syng ,høyrer på musikk og dramatiserer.
- Med dei eldste barna jobbar me med eit opplegg som heiter «Trampoline» . Dette opplegget er utarbeidd for førskulebarn med tanke på førebuing til det dei møter i skrive-og leseopplæringa i skulen.
- Førskulegruppa har òg « Skrivedans», der dei bevegar kroppen og teiknar til musikk frå dei store bevegelsane til dei mindre bevegelsane. Gjennomføring frå januar-mai.
- Dialogisk lesing er ein arbeidsmetode som har gitt gode opplevingar og resultat for barna. Dei les ei bok tre gonger, drøftar ord frå boka og gjer ulike aktivitetar knytt til innhaldet i boka.

Me har jobba med FORUT som solidaritetsprosjekt:

- På Barnehagens Dag 14.mars opna me utstilling på Galleri venterommet der barna hadde laga ulike formingsuttrykk med utgangspunkt i tema «Venner i Nepal». Me arrangerte Ope hus i barnehagen om ettermiddagen der me fekk inn ca kr 20.000,- til FORUT.

Barnehagen arbeider for å vera i god dialog med foreldregruppa, og tilbakemeldingane me fekk i foreldresamtalane , og i brukarundersøkinga i november 2016, var gode. Me har i perioden 2017-2018 jobba med tiltaksplanen som FAU utarbeida etter brukarundersøkinga i 2016. Der er det 3 punkt me har jobba spesielt med:

1. Informasjon mellom barnehage og heim.
2. Organisering av barnehagen med tanke på nok areal der me

får plass til alle som søker.

3. Barn og foreldre sin medverknad.

Eit verkemiddel for å betre informasjonen og medverknaden mellom barnehagen og heimen var innføring av VIGILO i april. Dette er eit kommunikasjonsverktøy der foreldre lastar ned ein app og gjennom den kommuniserer med barnehagen. Barnehagen sender informasjon i form av meldingar, bilete, vekerapportar og vekeplanar. Bilete vert lagra på det enkelte barnet, og foreldre kan ta desse ut sjølv. Foreldre tilbakemeldar at dette verktøyet fungerer godt, så me har oppnådd forbetring i både informasjon og medverknad mellom heim og barnehage i 2017-2018. Ny brukarundersøking vart gjennomført i november 2018, og resultatane i denne stadfester ei forbetring på områda nemnt over.



Barnetal og plassar:

Våren 2018 var det 50 barn/69 plassar i barnehagen. Hausten 2018 var det 39 barn/53 plassar. Me har frå 01.08.18 innført to opptak, med søknadsfrist 01.03. og 01.10. kvart år. Opptaket 01.10. auka barnetalet i Nordbygda barnehage til 43 barn / 62 plassar frå 01.01.19.

Kompetanseheving:

- Ny rammeplan vart innført 01.08.17 og me jobba systematisk med implementering av den i personalgruppa gjennom heile 2018.
- Livredningskurs vart gjennomført i november ,og me har fire i personalet med denne kompetansen no.
- Felles brannvernkurs i september for personalet i alle tre barnehagane.

Tilsette:

I 2018 hadde me fire avdelingar med 100 % pedagogisk leiar på kvar avdeling. I vårhalvåret var det tre med barnehagelærarutdanning og ein barne-og ungdomsarbeidar på dispensasjon frå utdanningskravet. I hausthalvåret var det ein barnehagelærar, ein barnevernspeagog og to barne-og ungdomsarbeidarar på dispensasjon frå utdanningskravet. Totalt hadde me 5,1 fagarbeidarstillingar, 3,5 assistentstillingar og styrar i 100% administrativ stilling. 54% reinhaldar er knytt til Nordbygda barnehage.

I august gjekk fagarbeidar Bjørg Molland av med pensjon, etter 38 år i Nordbygda barnehage. Me takka ho for innsatsen med ein fest på Sandneskafèn i juni.

Vedlikehald av barnehagebygg og uteområde:

Me fekk fast vedlikehaldsteneste i 2018. Kvar månad kjem vedlikehaldstilsett i barnehagen og utfører vedlikehald. Dette fungerer veldig godt. Barnehagen vart malt i ny og lys farge i sommar, og der er skifta dører og vindu. Foreldre jobba dugnad på uteområde om våren, og laga mellom anna kjøkkenkrok/butikk, balanseleik, malte grillhytta lys innvendig og ny dørk i båten.



SANDNES BARNEHAGE

Satsingsområder og utviklingsarbeid

Gjennom heile 2018 har vi hatt sosial kompetanse som satsingsområde og vi har jobba mykje med positiv samhandling mellom barn- barn og barn-voksne.

Sommaren 2018 var Sandnes- og Indre Masfjorden barnehagar ferdig med kursrekke knytt til implementeringa av «De Utrolige Årene», ein programserie som er utvikla for å førebyggje eller behandle åtferdsvanskar hos barn. Eit av dei overordna måla med programserien er å fremje gode og utviklingsstøttande relasjonar mellom barn og nære vaksne, samt positive samspel mellom barn. Det fall derfor naturleg å ha sosial kompetanse som satsingsområde, også i det nye barnehageåret 18/19. For mange barn er barnehagen den første sosialiseringarenaen dei møter utanfor heimen, og kjensla av å høyre til og å vera inkludert er ein føresetnad for trivsel. Sosial kompetanse handlar om å samhandle positivt med andre i ulike situasjonar, og i barnehagen skal vi leggje til rette for utvikling av denne kompetansen gjennom handlingar og opplevingar i alle situasjonar i løpet av dagen. DUÅ har gitt oss verktøy og kunnskap til å gjere dette arbeidet enno betre enn tidlegare.

Drift

Barnetalet våren 2018 haldt fram like godt som dei siste åra, vi starta med 36 barn i januar og talet var stabilt fram mot sommaren. Hausten 2018 opplevde vi ei stor nedgang i barnetalet då vi sendte 10 barn over i skulen og 4 barn flytta frå kommunen. Med berre eitt nytt barn i barnehagen kunne vi ikkje halde fram med å drifte 3 avdelingar og hausten 2018 måtte vi redusere til 2. Dei



siste åra har vi hatt gode årskull i barnehagen, no har vi starta med å sende dei barna over i skulen.

I november 2018 gjennomførte barnehagane i Masfjorden UDIR si brukarundersøking for foreldra. Resultatet syner ei foreldregruppe i Sandnes barnehage som er nøgd med barnehagen. Det er likevel alltid tilhøve som kan betrast og at vi jobbar både målretta og bevisst er viktige faktorar i kvardagen.

Samarbeid

Samarbeidet mellom Masfjordbarnehagane har også i 2018 vore svært godt. Særskild skuleringa i «De Utrolige Årene» har ført til jamlege treff. Sandnes- og Indre Masfjorden barnehagar fullførte i august 2018 siste workshop i programmet, framover følger 7 oppfølgjongsretteleingar fordelt over dei neste 2 åra. Elles har tilsette i våre 3 Masfjordbarnehagar delteke på felles personalmøte, styrarteamet har hatt møter kvar månad, vi har hatt 3 samlingar for dei pedagogiske leiarane i kommunen og vi har halde fram med felles aktivitetar for førskulebarna i Masfjordbarnehagane. Badeturane til Matre er populære og førskuleborna blir kjent på tvers av oppvekstområda. Som ei felles avslutning reiste vi 23.mai 2018 på tur til Dyrkolbotn. Barnehagen samarbeider også godt og jamleg med PPT og helsestasjonen.

Samarbeid med Sandnes skule

Førskuleborna og 1.klasse v/ Sandnes skule starta samarbeidet for barnehageåret 18/19 alt etter haustferien, og FORUT sin barneaksjon 2018 var første tema ut. Under FORUT-samarbeidet hadde vi felles ativitatar kvar veke, som regel var det førskuleborna som vitja 1.klassen. Barneaksjonen handlar om store utfordringar for små barn, men den handlar òg om det nye framtidshåpet som vert tent når menneske samarbeider. Vi lærte om nestekjærleik, solidaritet og ulike kulturar, og sjølv om mykje er ulikt, er det også fleire ting som er likt. Prosjektet vart avslutta med FORUT-kafè i barnehagen torsdag 6.desember. Borna stod for program i starten og opna med ei viktig påminning om barn sine rettar. Som avslutning dansa barnehageborn og elevar frå 1.klassen saman til årets BlimE-dans. «Og sammen vil vi vandre, med målet å forandre. Vi setter en strek over fordom og hat!», var budskapet frå borna. (Utdrag frå BlimE-songen 2018). Inntekta frå FORUT-kaféen kom på over 6.600 kr. og er sendt til FORUT.

Kompetanseheving

I tillegg til den store kompetansehevinga «De Utrolige Årene» som alle tilsette har delteke på, var det i september eit felles kurs i brannvern for alle barnehagetilsette i kommunen. To av barnehagen sine tilsette har i tillegg gjennomført og bestått livredningskurs inkludert bruk av hjartestartar og praktisk prøve i basseng. To av barnehagen sine pedagogar var også på kurs hausten 2018 der nynorsk for dei minste var tema.

Investeringar

Hausten 2018 vart deler av gjerdet rundt barnehagen skifta ut, samt barnehageporten. I desember vart det kjøpt nytt kjølerom til barnehagen.

Utfordringar

Sjølv om vi i dag har ei god pedagogdekking i Sandnes barnehage er det likevel, Masfjord-barnehagane sett under eitt, ei utfordring å få kvalifiserte søkjarar til pedagogstillingar vi lyser ut.

SKULANE

Sektoren skule i Masfjorden omfattar grunnskule, SFO, PPT og vaksenopplæring.

Innan **vaksenopplæring** gjev me norskopplæring til framandspråklege som for kortare eller lengre tid bur i Masfjorden. Me gjev også vaksenopplæring for dei som har rett til slik opplæring. Vaksenopplæringa er samla i kommunalt bygg på Matre.

PPT-samarbeidet med Gulen og dei andre kommunane i Ytre Sogn og – Sunnfjord held fram som før. Det er Ytre Sogn og Sunnfjord PPT som har det faglege ansvaret for PPT i Masfjorden. Dei organiserer kompetansen etter behov. Me har PPT-kontor med spesialpedagog (logoped) på kommunehuset. PPT leverer eiga årsmelding.

SFO- tilbodet blir gjeve av kvar einskild skule, delvis i samarbeid med barnehagane. I feriar og på skulefrie dagar er SFO i barnehagen så langt det er praktisk mogleg. På den måten får me brukt personalressursane mest effektivt.

Barn i SFO hausten 2018:

Matre skule:	17
Nordbygda skule:	28
Sandnes skule:	21



I sommarferien samarbeider barnehage og SFO om å halda ope. Barnehagane held stengd ulike veker, slik at det alltid er minst ein barnehage som er open.

Alle skulane tilbyr leksehjelp, men oppslutnaden er litt ulik.

Skulane: Etter krav frå statlege styresmakter vert det kvart år utarbeidd ein tilstandsrapport. Rapporten skal omfatta læringsresultat, fråfall og læringsmiljø og vert handsama av kommunestyret. Det vart i 2018 laga ei kvalitetsmelding for skule og barnehage, i staden for den obligatoriske tilstandsrapporten.

Nordhordland revisjon har gjennomført forvaltningsrevisjon på spesialundervisning.

Også i 2018 var elevane i 7. klasse på leirskule.



Netto driftsutgifter til grunnskuleopplæring pr innb 6-15 år

Felles prosjekt: Kommunen er framleis med i MOT. MOT-arbeidet er godt etablert på alle skulane og MOT-informatørane har ei god hand om arbeidet.

Saka om samanslåing av ungdomsskuletrinna har vore tatt opp att og vore på høyring i 2018.



Elevtal og prognosar grunnskulen

År:	Matre skule	Nordbygda skule	Sandnes skule	Totalt
2015	67	81	53	201
2016	63	82	50	195
2017	62	88	58	208
2018	64	99	63	226
2019	58	96	65	219



MÅTRE SKULE

Matre skule har dette året hatt ei god utvikling, med mykje god læring for elevane og flinke og stabile tilsette som står på.

Satsingsområda for våren 2018 har vore:

- Oppsetjing av musicalen «Grease» i ungdomsskulen
- 50-årsmarkering for barneskulen på Matre
- Sosial kompetanse
- Lesing som grunnleggjande dugleik
- TL (trivselsleiar)

«Grease»

Så var det Matre sin tur til å ha ei større oppsetjing. Denne gongen slo me til med «Grease». Med god hjelp frå instruktør Marit Nesse og musikal Jon Martin Skauge vart dette ein suksess. Lærarane i ungdomsskulen viste også kva dei kunne få til, så saman vart dette eit godt team. Folk strøymde til på dei to kveldane det var framsyning, og elevane boltra seg på scena. På dagtid vart skulane i Masfjorden og Brekke skule invitert til å sjå. Kostymar og kulisser vart laga i kunst- og handverkstimanane. Alt med eit supert resultat!

50-årsmarkering

Barneskulen vart opna januar 1968 og me kunne ikkje unngå jubileet. Noverande og tidlegare lærarar jobba saman, dykka i arkiv og tok fram gamle kunster. Gamalt utstyr vart henta fram. Slik som balloptikon, kopimaskin med sveiv, eldre bøker og anna. Festen starta i gymsalen med song og opplesing før den store festkaka vart spretta. FAU stilte med eit overdådig kakebord, gratis for alle. Tre tidlegare rektorar møtte fram og fekk velfortent applaus.

Sosial kompetanse

I arbeidet med sosial kompetanse er det viktige fadderordningar for 1.klasse spesielt, Zippys venner, programmet «trivselsleiarar» for alle, og MOT for ungdomsskulen. Planen «Heilskapleg plan for eit Godt læringsmiljø» ligg til grunn for mykje godt arbeid, og elevundersøkinga før jul viser at elevar som har svara på spørsmåla har det bra på skulen. Me vil jobba vidare med det som kan forbeholdast.

Lesing som grunnleggjande dugleik

Etter at prosjektet UiU var ferdig laga me leseplan på skulen. Denne forpliktar me oss til å bruka og halda varm. Heri ligg også kartleggingsverktøy som me nyttar for heile tida å følgja med på at me er på rett veg. Tilpassa opplæring er eit viktig nøkkelord. I tillegg eit stort tal lærings- og lesestrategiar som me tek i bruk etter behov. Målet er betre lesarar med god leseforståing.

TL (trivselsleiarar)

Ingen skal stå utafor i friminutta om ein ikkje vil. I midttimen ordnar TL-arane med ulike aktivitetar inne og ute for dei som ønskjer å vera med. For elevane i 5.-7.klasse to dagar i veka og det same for ungdomsskulen. Dei aller yngste får vera med ein dag, elles har dei framleis utedag om fredagane.

På hausten heldt me fram med fokus på

- Sosial kompetanse
- Lesing
- Ny læringsplattform- Canvas

- Gode strategiar og arbeidsvanar

Digital kompetanse er eit område me jobbar kontinuerleg med. Det er eit viktig felt å stadig auka kompetansen til både personalet og elevane. Me slit endå med for lite og dårleg utstyr. I ungdomsskulen fungerer dette betre. Me har ei «datatrapp» som viser oss kva for kompetanse me bør ha på kvart steg. Den jobbar me med heile tida.

No skal alle læra korleis ei ny platform fungerer. It´s learning er utinn kjem Canvas. Me brukte hausten på å bli kjent med Canvas og klarar kanskje å få det nye til å fungera før 1.februar 2019.

SFO og leksehjelp

Dette året har leksehjelpa vore lite nytta, men nokre faste har sett pris på tilbodet.

SFO er som tidlegare godt benytta. Her er det gode høve til fysisk og kreativ utfolding, i tillegg til at det er ein viktig læringsarena sosialt.

Standpunktarakterar og eksamnsresultat

Gode prestasjonar frå dyktige elevar viser att i resultatata. Det var godt samsvar mellom standpunktarakterar og eksamen.

Bygningar og fysiske tilhøve ved skulen

Delar av bygningsmassen ber preg av slitasje; dårlege vindauge som slepper inn kulde, slitne golvbelegg og veggplater som må skiftast. Verst er kulden på sløyd, kjøkken og tekstil. Klasseromsdelen i barneskulen fekk me måla oppatt i haustferien. Den er vorte lys og triveleg.

To dyktige reinhaldarar syter for at det er «gullande reint» til alle tider. Det er me glade for!



NORDBYGDÅ SKULE

Nordbygda skule har dette året hatt ei god utvikling, med mykje god læring for elevane og flinke tilsette som står på.

Satsingsområda for 2018 har vore: Godt skulemiljø for alle, Tilpassa opplæring, digital kompetanse og ny læreplan.

Godt skulemiljø for alle vart vi einige om trengte ei oppfrisking. Vi henta fram igjen Heilskapleg plan for eit godt læringsmiljø og laga ein tiltaksplan som skal etterlevast. Sjå meir under sosial kompetanse.

Tilpassa opplæring med fokus på læringsmål for elevane har vi jobba med også dette året. Kursing og jobbing med å utarbeide gode læringsmålskjeder har vore i fokus for personalet. Metoden vart prøvd ut i ulike fag med fokus på praktisk, variert og relevant læring.

Digital kompetanse er eit område vi jobbar med kontinuerleg og der elevane skal få prøvd seg i ulike former for programvare. Det er eit viktig felt å stadig auke kompetansen til både personalet og elevane. Vi har teke i bruk Kartleggaren.no og cd-ord i undervisninga saman med andre nyttige program. Innføring av Canvas som ny læringsplattform er vi og godt i gang med. Klasesett med ipad vart prøvd ut, mest i småskulen.

Ny læreplan har vi hatt som tema nokre gonger i personalet og har starta litt utprøving av nye tankar. Vi vil ha meir fokus på dette i 2019.



I arbeidet med **sosial kompetanse** er det viktige satsingar som faderordning for 1. klasse, Zippy's vener i 1.-4. klasse og MOT på ungdomssteget mellom anna. Zippy's vener og MOT driv vi i lag med helsesøster. Planen «heilskapleg plan for ei godt læringsmiljø» ligg til grunn for mykje godt arbeid.

Fysisk aktivitet har vore ei satsing over fleire år og viktigaste punktet her er å ha noko fysisk aktivitet i klassane kvar dag. I tillegg har vi utedag for 1. og 2. klasse, fellesturar – i år med skidag og skøyte-dag og tur i Markusdalen for heile skulen, både dagsturar og kortare turar på trinna. Vi er med på aktivitetsdagar saman med dei andre skulane. BliME-dansen var eit populært innslag hjå mange, og heile skulen var med på framsyning saman med resten av landet.

Småskulen har hatt mange gode prosjekt i løpet av året. Her nemner me: «Nordli lesekonkurranse – 1.-4.klasse las 70 000 sider!, Aktivitetsdag med «mesternes mester», Aksjon Beintøft og Aksjon Aluminium, Hallo Venn, karneval, Bad Hair Day og pysjamsdag og omvendt julekalender med innsamling til SOS barnebyer. Teatertur til Bergen for å sjå «Folk og røvere i Kardemomme by» var topp!

Julespel

Så var det småskulen sin tur til å ha ansvar for juleframsyning. I år prøvde vi ei ny organisering, «alle med», der alle klassane var med og bidrog med kvar sine innslag. Det er veldig kjekt å sjå kor elevane gjer sitt beste når det gjeld og leverer gode prestasjonar.

Standpunktcharakterar og eksamensresultat

Gode prestasjonar frå flinke elevar viste att i resultatata for i år. Det var godt samsvar mellom standpunktcharakterar og eksamen.

SFO og leksehjelp

Eit stabilt og dyktig personale står for eit populært og kvalitativt godt tilbud til elevane våre. SFO har vorte ein viktig læringsarena både sosialt og i høve til fysisk og kreativ utfolding. Vi har i sving to grupper med leksehjelp, ei for 5. – 7. klasse og ei for 8.-10. klasse. Det er ei god gruppe elevar som nyttar seg av tilbudet på begge stader og det er ei god ordning for desse.

Samarbeid heim – skule

Foreldra ved Nordbygda skule gjer eit godt arbeid for skulemiljøet både i FAU og andre rådsorgan og i det daglege, meir uformelle samarbeidet. FAU har og i år vore med å arrangere juleframsyning og andre sosiale arrangement og dei står for både julelunsj og påskelunsj til alle elevar og tilsette.

Opprydning

I løpet av våren 18 hadde vi ei stor opprydning i både møbler, utstyr og hjelpemiddel på skulen slik at det vart betre oversyn og lettare å finne tak i det ein vil bruke. Dei tilsette var godt nøgde med det.

Bygningar og fysiske tilhøve ved skulen

Skulen hadde våren 17 tilsyn på miljøretta helsevern og vart ikkje godkjende, fordi vi ikkje har ventilasjonsanlegg i småskulefløyen, i tillegg til andre merknader. Dette er ikkje gjort noko med. Barnehagen har og i år lånt lokale til ei avdeling i underetasjen av spesialromfløyen. Denne vart meir tilrettelagd i løpet av sommaren 2017.

Utsifting av vindu og utvendig kledning i småskulefløyen vart endeleg gjort hausten 2018.

Det er mange deler av den relativt store bygningsmassen som ber preg av slitasje, ikkje minst den nyaste klasseromsfløyen og administrasjonsavdelinga. Det har vore gjort lite vedlikehald sidan dei var nye i 1991. Vi ventar på utsifting av takheller på den nyaste delen av skulen.

Rektor Kari Bøe var skuleåret 2017/2018 ansvarleg for både Nordbygda og Sandnes skular, men er frå hausten 2018 tilbake i full stilling på Nordbygda.



SANDNES SKULE

Skule og heim, -saman for glade, dyktige og spreke elevar.

Sandnes skule i utvikling

Frå hausten 2018 har Sandnes skule fokus på digitalisering. Skulen skal nytte digitale verktøy som pedagogiske verktøy i høve til elevane sitt læringsutbyte. Ein sikter mot å utvikle ein digital pedagogisk verktøykasse som skal bidra til auka motivasjon, variasjon, moglegheiter for tilpassa opplæring og spissare spesialundervisning.

Resultat

Glade elevar:

Elevundersøkinga: Undersøkinga viser at elevane Sandnes skule er gode til å ta vare på kvarandre, og at dei opplever miljøet som gjennomgåande trygt og godt. Undersøkinga viser og at elevane opplever at dei vaksne på skulen bryr seg.

Dyktige elevar

Nasjonale prøvar: Det er variasjonar på skåren på nasjonale prøvar frå år til år som kan forklarast dersom ein ser på resultatgrunnlaget. Resultatet for 2018 ligg under nasjonalt nivå, men resultatet er likevel godt fordi nyankomne framandspråkelege elevar er komne så langt i språkutviklinga si at dei kan delta på prøvane. Når elevane skårar under nasjonalt nivå, set skulen inn tiltak for å forbetre resultatet og dermed læringsutbytet for den einskile eleven på sikt.

Det er jamt over gode resultat på munnlege og skriftlege eksamenar, me ligg høgt på grunnskulepoeng og elevane våre kjem inn på skulen dei ynskjer. Det er også lite fråfall frå vidaregåande skule.

Spreke elevar

Me arrangerer Tinstafett, 1.- 4.kl har utedag, og skulen har eit uteområde som legg til rette for aktivitet. Symjeopplæring vert lagd til bassenget på Matre skule, med spesiell vekt på at dei som ikkje kan symje skal få læra det. 7. klasse drar på leirskule om våren, for tida på UWC i Fjaler. Me har open arena i gymsal i midttimeane, og valfaget Fysisk aktivitet og helse på ungdomssteget.



SFO

SFO er open alle skuledagar i veka. Det er på det meste 21 elevar som nyttar dette tilbodet. SFO nyttar uteområdet, bibliotek og gymsalen til leik og anna aktivitet.

Leksehjelp

Skulen organiserer leksehjelp tysdag og torsdag for elevar frå 5.til 10.klasse. Det er 14 elevar som er meldt på dette tilbodet.

Personalet

Sandnes skule har 11 lærarar og 5 fagarbeidarar/assistentar i diverse stillingsstorleikar. Skulen har 108 % leing og 50 % merkantil stilling.

HMS

Tilsette rapporterer om høg trivnad på jobb. Skulen har utfordringar med å finne kvalifiserte vikarar.


Samarbeid

Skule-heim: Skulen har eit godt samarbeid med FAU som i 2018 jobbar med å forbetre rutineane for skule-heimsarbeidet framover. Skulen samarbeidar og med Masfjorden kulturskule, MOT og idrettsskulen. Me har tett samarbeid med helsesøster, PPT og barnevern når det er behov for det. Det er laga plan for samarbeid med barnehagen der mellom anna felles utedag og juleverkstad inngår.

Før juleferien presenterte skulen ei flott framsyning for ein fullsatt gymsal med foreldre og bygdefolk. Sandnes skule har eit godt opplegg for kulturformidling. Dette er viktige arenaer for fellesskap, å få individuelle utfordringar og å oppleve å lukkast saman. Me ser resultat av at elevane øver seg på framsyningar frå dei er små. Biblioteket, bokbåten, den kulturelle skulesekken og rikskonsertane er og viktige innslag i skulekvardagen.

GULEN OG MASFJORDEN BARNEVERNSTENESTE

	2017	2018
Meldingar	17	19
Gjennomgått innan frist	17	19
Avslutta undersøkingar	17	20
Henlagte/avslutta meldingar/utan tiltak	7	0
Fristoverskridingar	0	0
Barn med tiltak i løpet av året	18	20
Barn med tiltak 31.12	15	14
Barn i tiltak utan tiltaksplan/omsorgsplan	0	0
Oppfølgings- og tilsynsansvar fosterheim	Barne- vernet	Barne- vernet
Kor mange har ikkje fått oppnemnt tilsynsførar	0	0
Barn vi har tilsynsansvar for	8	8
Barn vi har omsorg for	2	2
Krav om fire tilsyn i året ikkje oppfølgt	0	0
Internkontroll		
Blir det gjennomført jamnleg gjennomgang av internkontrollen ?	Ja	Ja
Har barneverntenesta skriftlege rutinar og prosedyrar som skal bidra til å sikre korrekt sakshandsaming ?	Ja	Ja
Har barneverntenesta opplæringsplan for dei tilsette ?	Ja	Ja



Netto driftsutgifter per innb. 0-17 år, barneverntenesta

Kontoret vil ha ein desentralisert arbeidsmetodikk, og alle kommunane skal stille møterom til disposisjon for møte mellom NAV og brukarar. Vi trur at vi skal kunne tilby eit godt tilbod i alle kommunane. Det vil komme informasjon på heimesida til kommunen og i andre kanalar etter kvart.

Det var arrangert 2 frokostmøte på Vidsyn der alle arbeidsgjevarar i Gulen og Masfjorden var invitert. Felles marknadskontor som NAV Masfjorden hadde saman med NAV Gulen på Vidsyn vart avvikla i 2018. Dette har diverre ført til litt nedgang i møte med arbeidsgjevarar, og meir tidsbruk i bil.

NAV Masfjorden har stor måloppnåing på sine oppgåver.

NAV MASFJORDEN

NAV sin visjon: " Vi gir mennesker muligheter "

NAV Masfjorden sine lokale mål

- Vere aktiv, tydeleg og løysingsdyktig i dialog og samarbeid for eit inkluderande arbeidsliv
- Bidra til myndige, stolte og aktive brukarar som ser og arbeider mot det som er mogeleg
- Vere støttespelar for næringslivet for arbeidskraft og kompetanse

NAV Masfjorden har kommunale oppgåver innan økonomisk rådgjeving, økonomisk stønad, gjeldsrådgjeving, Kvalifiseringsprogrammet, støttekontakt, avlastning og rus. Vi har ein person som er med i Nordhordland sitt ungdomsnettverk, dette for å hjelpe ungdom fort inn i jobb og /eller skule/aktivitet for å unngå at det blir lange periodar med passivitet.

Behov for økonomisk sosialhjelp i 2018 vore stigande i forhold til tidlegare år. Det har også vore auke i behov for økonomisk rådgjeving. Dette kan ha ulike årsaker. Det er no lavare arbeidsløyse enn for 2-3 år sidan, men det er fortsatt litt etterslep på rådgjevingssida etter arbeidsløysa var relativt stor berre for kort tid sidan. Det har også vorte innstramingar på tiltak og stønadsida på NAV stat, noko som av og til gjer at personar treng meir stønad på kommunal side.

NAV FENSFJORDEN

Dette er forhandla fram avtale kring den kommunale delen av NAV- samarbeidet for kommunane Austrheim, Fedje, Gulen, Masfjorden og Modalen kommunar, med Masfjorden som vertskommune. Alle dei fem kommunane gjorde vedtak og har signert avtale NAV Fensfjorden. Siktemålet er å få etablert felles drift frå 1.1.2019, men det er ikkje realistisk å få på plass alle formalitetar til den tid. Vertskommunen må forhandle fram partnerskapsavtale med NAV stat. Siktemålet er å få denne på plass, og med verknad frå 1.1.2020.

NAV Fensfjorden blir organisert som ei teneste under rådmannen i vertskommunen, som har delegert mynde for fag, personal og økonomi. Vertskommunen har ansvar for tilsettingar i tråd med vanlege prosedyrar. Tenesta vil etablere eit felles hovudkontor, samt at alle deltakarkommunane stiller til disposisjon lokale utekontor/møterom, med evt. utstyr. Kostnad med lokale utekontor vert dekkja av den einskilde kommune sjølv. Kostnad med utekontor skal og gjenspegla NAV stat sitt økonomiske bidrag og vere avklart i partnerskapsavtalen. Oppmøtestad for den einskilde tilsett er normalt ved NAV Fensfjorden sitt felleskontor. Dei tilsette vil arbeide i eit fellesskap, der ein utfører oppgåver for heile regionen. NAV Fensfjorden skal ha ein desentralisert profil, der tilsette vil nytte møterom som er til disposisjon i alle kommunane.



VAKSENOPLÆRING

Verksemda:

I 2018 hadde vaksenopplæringa 2,0 årsverk fordelt på 1,8 årsverk undervisning og 20 % administrasjon. Vaksenopplæringa har tre tilsette.

Vaksenopplæringa gir opplæring i norsk for innvandrere etter læreplanen som gjeld for introduksjonsprogrammet for flyktningar og andre innvandrere i Masfjorden og Modalen kommunar. Skulen har og norskundervisning på kveldstid for andre innvandrere som ønskjer å lære norsk. I tillegg har skulen spesialundervisning for deltakarar heimehøyrande i kommunen med slike rettar.

I løpet av 2018 har vaksenopplæringa hatt 24 aktive deltakarar frå 7 nasjonar fordelt på dei ulike nivåa A1 – alfabetisering, A1, A2 og B1 på dagtid. A1 og A2 nynorsk på kveldstid.

Langt dei fleste deltakarar som lærer norsk er spor 2 deltakarar.

Jamfør gjeldande læreplanar er fokus på norsk, talkompetanse i kvardagslivet, IKT-opplæring, kulturforståing og oppfølging av språkpraksis. Me har og tidvis valfaget trafikkteori.

Masfjorden vaksenopplæring er eigen prøvesstad.



Bruk av digitale verktøy til presentasjonar

Pedagogisk grunnsyn

Trygt og ivaretagande læringsmiljø basert på respekt. Vaksne har fulle og travle liv. Dei har ofte fleire språk dei beherskar og har mange ressursar med seg, men dei må lære norsk. Vaksenopplæringa skal hjelpe dei med det slik at dei får nytte potensialet sitt til det beste for seg sjølv og samfunnet rundt. I praksis betyr det full fleksibilitet og tilpassa opplæring.

Samarbeidspartnarar

Andre kommunale tenester; flyktningetenesta, pleie og omsorg, helsetenesta og grunnskular/barnehagar, private verksemdar og private – alle som kan bidra til å fremje språkutvikling, integrering og arbeidskvalifisering.



Eksamen er ferdig

Resultat 2018

Deltakarane heldt god progresjon og det er godt oppmøte til undervisninga (lågt fråver). Ein vurderer læringsutbyttet som tilfredsstillande.

To deltakarar har gjennomført eksamen i samfunnskunnskap. 11 deltakarar har gjennomført eksamen i norsk, i dugleikane lesing, lytting, skriving og munnleg i 2017.

Målsetjing 2019

Halde fråveret lågt og progresjonen god. Optimalt læringsutbyte for den einkilde.

Utfordringar

Manglande tilgang på vikarar.



Sommaravslutning for kveldskurset

HELSETENESTA

Helsestasjon

Helsestasjonen tilbyr tett oppfølging frå fødsel og framover mot 5-årsalder etter gjeldande retningslinje for tenesta. Fleire av dei fødande reiser tidlegare heim frå sjukehus. Dette medfører auka behov for fleire heimebesøk etter fødsel. Helsestasjonen i Masfjorden er godkjent ammekyndig helsestasjon.

Helsestasjonen har tilbydd tett oppfølging til flyktningfamiliene som har blitt busett i kommunen. Oppfølging kring vaksinasjon, utvikling, familierolle, trivsel i nytt land, mm.

Helsestasjonen har i 2018 saman med barneverntenesta tilbydd ICDP foreldrerettleggingsprogram, både minoritetsutgåva og standardprogram.



Helsestasjonen i lag med kommunefysioterapeut arrangerer Småbarnstreff kvar månad.

Miljøretta helsevern

Helsestasjonen har tilbydd influensa- og pneumokokkvaksinerings til risikogrupper. Det har vore vaksinedagar på Matre, Hosteland, Sandnes og på sjukeheimen.

Helsestasjonen har tilbydd HPV-vaksine mot livmorhalskreft med tre doser for jenter født frå 1991 til 1996. Dette var eit toårig prosjekt over heile landet.

Reisevaksinerings

Helsestasjonen gjev tilbod om rettleiing og vaksinerings når innbyggjarane har behov for det.

Tverrfagleg samarbeid

- Samarbeider tett med andre i helsetenesta for å få rett hjelp til barn /unge tidlegast mogeleg.
- Deltaking i ansvarsgrupper, koordinator for enkeltbarn som har individuell plan. Følgjer desse barna til dei er 18-20 år gamle.
- Fast samarbeid med barnevern. Tett samarbeid i enkeltsaker.
- Tett samarbeid med barnehagane i kommunen både på generelt plan og i enkeltsaker.
- Fast samarbeid med PPT både i familiesaker og i oppfølging av barn med psykisk-, sosiale-, og lærevanskar.

- Samarbeider med BUP- Nordhordaland i oppfølging av tilviste barn/unge og kan konsultere BUP ved behov for rettleiing i enkeltsaker.
- Rettleiingsgrupper på BUP regelmessig med helsesøstre frå Nordhordland.

Helsesøstertenesta

Helsesøstertenesta i Masfjorden er 1,4 stilling.

Marta Midtbø arbeida i 100 % stilling fram til 01.09.18, då reduserte ho til 80 % stilling.

Randi Ulvøy Kalgraff arbeida i 60 % stilling fram til 01.09.18, etter dette 80 % stilling som helsesøster i Masfjorden.

Masfjorden kommune dekkjer i tillegg helsesøstertenesta i Modalen kommune. Modalen kjøper 30 % teneste og Marta er i Modalen ein dag i veka.

Jordmortenesta

I jordmortenesta er Valborg Nes tilsett i 20 % stilling. Ho er i Masfjorden ein dag i veke, kvar onsdag. Masfjorden sel jordmortenesta til Gulen kommune, dei gravide går til jordmor i Masfjorden.

Skulehelseteneste

Skulehelsetenesta tilbyr vaksinasjon, samtalar og vekstkonsultasjonar på skulane etter gjeldande statlege retningslinjer. Det kom nye retningslinjer for helsestasjon og skulehelseteneste i 2017.



I 2018 har skulehelsetenesta arbeida for å ha faste dagar på skulane. Auka tilgjengelegheit har ført til at fleire elevar, foreldre og lærarar tek kontakt med skulehelsetenesta.

Skulehelsetenesta har i 2018 starta å tilby undervisning i Psykologisk førstehjelp, dette er undervisning for 2., 5. og 8.klasse. I haust fekk alle elevar i 5 klasse denne undervisninga frå helsesøstrene. I tillegg har det blant anna vore undervisning om pubertet til 5.-6. klasse og seksualitet på ungdomsskulen. Helsesøster Marta deltek i Zippy-programmet på ein av skulane. Helsesøster Marta er MOT-koordinator. Ho er ein av MOT-informatørane og er med på å gjennomføre ungdomsskuleprogrammet til MOT etter oppsett plan.



Fysioterapitenesta

Kommunefysioterapeuten er tilsett i ei 100 % stilling. Kommunefysioterapeuten jobbar mest med aldersgruppa 0-18 år, funksjonshemma, heimebuande eldre og bebuarar på sjukeheimen.

Hovudoppgåver i tenesta er:

- Å gje behandling og legge til rette for rehabilitering for eldre som bur fast eller midlertidig på sjukeheimen etter å ha blitt utsett for funksjonsfall etter skade eller sjukdom. Det blir og gitt behandling til heimebuande eldre med funksjonsfall som har vanskeleg for å koma seg til fysioterapeuten av ulike årsaker.
- Gje born/unge vaksne god habilitering /rehabilitering ved skade og /eller sjukdom som treng kort eller langvarig oppfølging. Det er eit tett samarbeid mellom helsesøster og kommunefysioterapeuten om born som har behov for oppfølging.

Kommunefysioterapeuten har og eit tett samarbeid med hjelpemiddelansvarleg om hjelpemidler til born/unge vaksne. Det er og eit tett samarbeid med personalet i Svingen avlastning om dei brukarane som er der. Det vert og gitt informasjon og rettleiing i skule/barnehage der dette er naudsynt, anten på generell basis eller rundt enkelt born/elevar.

- Helsefremjande og førebyggjande tiltak er t.d. månadleg småbarnstreff i samarbeid med helsesøster og trim på seniortreff.
- Fysioterapeuten har i 2018 bidrege på Lærings og meistringsnettverket sine to interkommunale livstilsendringkurs som er arrangert i samarbeid med dei andre Nordhordlandskommunane.
- Kommunefysioterapeuten har eit tett samarbeid med hjelpemiddelansvarleg om hjelpemiddelformidling og rådgjeving i hjelpemiddelsaker.
- Kommunefysioterapeuten har og ansvar for drift av Koordinerende eining- blant anna tildeling av IP, utnemning av koordinator til aktuelle brukarar, oppfølging av koordinatorar. Informasjonsarbeid om rehabilitering/habilitering der det er naudsynt.
- Kommunefysioterapeuten har i 2018 vore med i opstarten av prosjektet «Heimetrening for kvardagshelse».

Det er særst viktig for Kommunefysioterapeuten å jobbe tverrfagleg med andre yrkesgrupper for å sikre ein best mogleg oppfølging og betring i funksjon hjå den einskilde som har behov for det. Kommunefysioterapeuten har vore ein pådrivar for bruk av Motiv- syklane som er på Masfjorden sjukeheim. Våren 2018 og hausten 2018 deltok dei bebuarane som ønskte og brukarar av dagsenteret på henholdsvis prøve- VM og Sykkel- VM for eldre. I VM kom sjukeheimen på 12. plass av 122 lag som var med!! Det var den beste sjukeheimen i Nordhordland! Det var og to manlege syklistar blant topp 20. Det var med over 2400 deltakarar frå seks ulike land. Kommunen har og kjøpt inn to mobilesyklar som heimetenesta brukar i si teneste i samarbeid med fysioterapeuten. Dette er eit populært tiltak blant dei aktuelle brukarane.

Privatpraktiserande fysioterapeut har driftsavtale og får driftstilskot frå kommunen. Driftsavtalen betyr at staten og kommunen betalar for delar eller heile beløpet for fysioterapibehandlinga til brukaren. Fysioterapeuten behandlar i hovudsak personar mellom 18 og 90 år. Pasientane kjem til instituttet på Hosteland for behandling/trening/rettleiing.

Teneste for psykisk helse og rus

Masfjorden psykiske helseteneste gir tilbod til brukarar i alle aldersgrupper og deira næraste.

I tida 01.01.18-15.05.18 hadde vi kommunepsykolog i 50% stilling og spesialsjukepleiar i 80% stilling. Kommunepsykolog har vore Fagleiar for psykisk helse og rus i kommunen. Frå 15.05.18 har spesialsjukepleiar vore aleine i tenesta som Fagleiar og utøvande psykisk helsearbeidar. Frå 01.10.18 starta det opp ei ny sjukepleiar i 80% stilling. Så pr. 31.12.18 har vi 180 % stilling i tenesta. Kommunepsykologstillinga har vore utlyst utan at vi pr dags dato har fått nokre søkjarar. Ein jobbar vidare med eit prosjekt for å rekruttere psykolog til kommunen.

Informasjon

På heimesida til Masfjorden kommunen er det lagt ut informasjon om det kommunale psykiske helsetilbodet; kva me gjer og korleis komme i kontakt med oss. Det er understreka at dette skal vere eit gratis lågterskeltilbod. Her er også eit skjema ein kan nytte dersom ein ønskjer å sende skriftleg førespurnad.

Lokalitetar

Psykisk helseteneste held til på Hosteland ved butikken. Elles har vi tilgang på eit kontor /møterom på kommunehuset på Sandnes samt eit lite samtalerom på Matre i tilknytning til omsorgsbustadane der.

Ein del brukarar reiser me gjerne heim til anten det no er av praktiske grunnar (har ikkje bil eller skyss) eller av di tilstanden deira tilseier at det er det beste. Å møte brukarane på heimebane kan i mange tilfelle vera nyttig.

Brukarane

Psykisk helseteneste har kontakt med brukarar og pårørande der problematikken er av svært ulik alvorgrad og omfang. Me har kontakt med menneske med lettare psykiske lidningar, livskriser, familiekonfliktar, samansette vanskar, sorg, traumar, rusproblem, tung psykiatri med meir. Tenesta arbeider såleis både med kartlegging, behandling av kortare varigheit, tilvising til spesialisthelseteneste og langtidsoppfølging av meir alvorleg problematikk.

Som tidlegare år har ein også i enkelte saker bidrege med praktisk hjelp i samband med flytting, innkjøp av klede og mat, kjøring og følgje til helsetenester og anna. Dette er typisk knytt til menneske som er utrygge, har lite nettverk og er generelt sårbare. Desse har ofte ei varierende dagsform som gjer at det ikkje er så lett for ukjente å skulle bidra. Som eit ledd i å trygge brukarane, styrke relasjonen og bygge tillit kan slik praktisk hjelp og støtte forsvare ressursbruken.



Det er framleis flest vaksne som sjølv kontaktar eller vert sett i kontakt med psykisk helseteneste, men både Nav, barnevern, helsesøster og lege er gjerne kontaktledd.

Tverrfagleg arbeid

Psykisk helsetenesta jobbar tverrfaglege med pleie og omsorg, lege, barnevern, helsesøster og kriseteam i eigen kommune. Ein jobbar og tverrfagleg med spesialisthelsetenesta; Voksenpsykiatrisk Poliklinikk (DPS) og Barne og Ungdomspsykiatrisk Poliklinikk (BUP).

Ettersom psykisk helseteneste ikkje lengre er samlokalisert med resten av helseavdelinga, gjer det at samarbeidet vert noko meir tungvint. Me opplever at både den faglege- og kollega-kontakten har lidd litt under dette. I planteikningane til det nye Fensfjordbygget er psykisk helseteneste også tenkt samlokalisert med andre kommunale tenester her.

Ein jobbar og interkommunalt i Fagråd for psykisk helse og rus med samling ca annakvar månad. Her er alle kommunane i region Nordhordland representert.

Planar og prosjekt

Prosjektet Nordhordland - Øyeblikkeleg Hjelp Senger og Samhandlingsteam kommune og spesialisthelsetenestader – for pasientar innan psykisk helse og rus, går no over i ein ny fase. Spesialsjukepleiar Dag Haarklau har vore tilsett som prosjektleder i 20% 15.05.16 – 15.05.18. Hovudfokus i siste fase var klargjering av søknad om støtte til etablering av samhandlingsteam for Nordhordland. Dette fekk ein midlar til og Lindås kommune handterer dette vidare. Dette er eit fellesteam for heile Nordhordland.

Kommunen har vedteke å lage oppdatert Plan for psykisk helse og rus. Dette arbeidet har lagt i startgropa ei stund. Der er ein del endringar i krav til kommunale tenester for psykisk helse og rus og samstundes er der ein del endringar i kommunestrukturen i regionen. Dette gjer at ein har avventa saka litt. Ein har hatt samtalar med nabokommunane Gulen og Modalen om potensiale for samarbeid. På rådmannsnivå/kommunalsjefnivå, har det og vore samtalar om samarbeid innan aktuelle tenester. Kommunenes Sentralforbund har hausten 2018 initiert til Læringsnettverk for utvikling av tenester innan psykisk helse og rus. Dette vert no starta opp i januar 2019 og Masfjorden deltek i dette.

Legetenesta

Bemanning

Ved legekantoret er det 3 kommunalt tilsette fastlegar, Rolf Martin Tande, Rolf Magnus Sleire og Willy Davidsen Raa. Tande og Sleire har begge spesialitet i allmenmedisin, medan Davidsen Raa er tilsett som ALIS-lege, dvs lege under spesialisering i allmenmedisin. Sleire er også tilsynslege ved Masfjorden sjukeheim, medan Tande har funksjon som kommuneoverlege.

Av hjelpepersonell er det 2,8 årsverk fordelt på 3 ansatte. 2 bioingeniørar, Kirsti Areklett og Anne Kari Mjanger og 1 sjukepleiar, Malin Daae Steine.

Frå september 2018 starta me opp igjen med turnuslege i 100% stilling.


Tenester

Legetenesta utfører allmenmedisinske tenester. I hovudsak er dette avtalte konsultasjonar, men legekantoret har også legevakt i kommunen på dagtid kvardagar, og tar imot pasientar med behov for akutt og øyeblikkeleg hjelp. Dette inneber at legen kan få uforutsette akutte oppdrag som må løysast innimellom konsultasjonar. På kveld, natt og helg er Masfjorden kommune knytt til Nordhordland legevakt i Knarvik for legevakt. Men me kan også nytte deira teneste på dagtid dersom det er behov for det.

Fastlegen er ofte pasienten sin første kontakt inn mot helsetjenestene og er viktig i koordinering av pasienten sitt behov for medisinske tenester. Han er også sentral i samarbeid med andre tenester, og deltek i tverrfaglege møte med tenester som NAV, psykiatritenesta, helsesøster, fysioterapeut og pleie- og omsorg.

Fag- og kompetanseutvikling

«Utkantlegane» var eit prosjekt me jobba med i 2017 med midlar frå Nasjonalt senter for distriktsmedisin, der målet var å utvikle samhandling om allmenlegetenesta for å sikre kompetanse og



Netto driftsutgifter pr innbyggjar i kr kommunehelsetenesta

berekraft i utkantkommunar, og gjennom samarbeid legge til rette for utveksling av kompetanse mellom kommunane, skape eit større fagleg fellesskap og gjere kommunane attraktive for legar med tanke på rekruttering. Masfjorden og Modalen kommune inngjekk i den samanheng eit samarbeid om legetenesta, der Davidsen Raa arbeidde 20% av si stilling i Modalen. Prosjektet var ferdig i 2017, men legesamarbeidet har gått inn i vanleg drift i 2018, der Davidsen Raa framleis er 20% i Modalen. Under prosjektperioden utvikla det seg ein ide om å arrangere ein konferanse i Nordhordland med temaet helseberedskap, legerekuttering og legevakt i distriktskommunar. Målet var å skape ein møteplass for fag, administrasjon, politisk leiing og næringsliv i Nordhordland. Masfjorden og Modalen, «Utkantlegane», samarbeida med Nordhordland Utviklingsselskap IKS og arrangerte i februar «Utkantkonferansen 2018». Det var gode faglege innlegg som både belyste utfordringar for distriktskommunar, men og mogelege løysingar for å sikre kompetanse og berekraft for helsetenesta i framtida. Her var både politikk og fag samla med deltakarar frå både Hordaland og Sogn og Fjordane.



Den nye akuttmedisinforeskrifa som kom i 2015 stiller strengare krav til kompetanse for legar og helsepersonell i legevakt, blant anna skal ein ha gjennomført kurs i akuttmedisin og volds- og overgrepshandtering. I 2018 har me hatt fokus på kompetanseheving innan akuttmedisin. I januar gjennomførte legar og hjelpepersonell lokal trening i akuttmedisin i samarbeid med Modalen legekontor, og i oktober var alle på 2 dagars akuttmedisinkurs for legar og hjelpepersonell.

Økonomi

I 2018 er det eit meirforbruk på legetenesta. Ein av årsakene til dette er nye og strengare krav til rettleiing og opplæring av legar under utdanning. Legekantoret er også i ein fase der det er naudsynt å ha fokus på rekruttering. Difor har kantoret 2 legar under utdanning, ein ALIS-lege og ein turnuslege.

Galleri venterommet

Både legekantoret og besøkande har også i 2018 hatt stor glede av flott kunsten på venterommet. Me vil takke for dei flotte bidraga, dei er verkeleg med på å skape det trivelig for både oss og dei som sitt og ventar. Me håpar det også i tida framover vil vere mykje flott kunst å sjå på veggane hjå oss, så berre ta kontakt dersom du har noko du vil stille ut.



FENSFJORDBYGG

Etter kommunestyrevedtak april 2017, sak 18/17 vedtok kommunen å kjøpe ein utseksjonert del av Fensfjordbygg/service- og næringsbygg Hosteland, og 21 mill.kr. vart innarbeidd i økonomiplan for 2018-2021.

Det har vore jobba ein del med prosjektet i 2018 knytt til m.a. mva. og lovverket om off. anskaffelsar, og detaljplanlegging/innhald av kommunen sin del, med fleire saker til politisk handsaming.

Gjeldande vedtak av 20.9.2018 inneber

KS-054/2018 Vedtak:

Masfjorden kommune inngår avtale om kjøp av areal i Fensfjordbygg jf. framlagt kjøpsavtale og der carportdelen vert sett som opsjon.

Økonomiplan må reviderast og oppdaterast, og sikre reell balanse mellom investering- og driftsnivå framover.

Kjøp	Kjøpesum	Påslag	Kjøp eks. mva.	Mva.	Brutto ink. mva.
Kontorareal	18 350 471	1 468 037	19 818 508	4 954 627	24 773 135
Fellesareal	5 870 267	469 621	6 339 888	1 584 972	7 924 860
Carport	467 711	37 417	505 128	126 282	631 410
Driftspostar årelg	0	0	0	0	0
	24 688 449	1 975 075	26 663 524	6 665 881	33 329 405

Vidare er det lagt til grunn at kommunen kjøper sin andel av felle sareal i staden for leige, og ei vesentleg endring i høve kjøpsavtale av 5.9.2017. Kostnadene har auka ein del, men estimerte kostnader er no ute, og spesielt kjøp av fellesarealdelen gjer at kostnaden for kommunen aukar mykje.



Ved kjøpsalternativet inngår partane ein avtale om justeringsrett av mva., dvs. kommunen får att mva. over reelt 11 år, og ikkje umiddelbart slik som avtale av 5.9.2017 la opp til. Etter nye opplysningar frå Finansdepartementet (mottatt 19.9.2018) så krev dei at Skattedirektoratet gjer om på sin praksis, og at ordinært mva. frådrag vert akseptert likevel – dvs. at ein får tilbakeført mva. ved kjøp – umiddelbart.

Tiltaket vart auka frå 21 mill. kr i økonomiplanen 2018 – 2021 til 33 mill. kr. i opphavsleg økonomiplan 2019-2022, heimla i kommunestyrevedtak sept. 2018. Summen som er innarbeidd er litt låg, og justert i tråd med vedtak, til 33,4 mill. kr. brutto.

PLEIE OG OMSORG

Pleie og omsorg som mål å arbeide systematisk for å følgje opp Kommunedelplan for helse og omsorg og sosial 2014 -2026, sin handlingsplan. Handlingsplanen vart revidert i desember 2017, og denne har vore styrande for arbeidet i 2018.

I temadelplan for rehabilitering og habilitering 2017 – 2024 er det eit mål at tenestene skal dreie fokuset frå eit behandlingsspektiv til eit førebyggjande perspektiv.

Dette betyr at helse og omsorgstenestene i større grad no vert organisert på ein slik måte at førebygging, tidleg tiltak og innsats har vore høgt prioritert i 2018. Tilbod og prosjekt som har vore starta opp i 2017/2018 er på grunn av dette.

Velferdsteknologi

Masfjorden kommune er ansvarleg kommune for eit interkommunalt velferdsteknologiprojekt som starta opp i 2017, der alle kommunane i Nordhordland er med. I 2018 har det vorte gjennomført ei felles anskaffing av velferdsteknologiske løysingar for 10 kommunar.

I 2018 har 65 tilsette i Masfjorden kommune gjennomført opplæring innan Velferdsteknologiens ABC. I tillegg har det vore gjennomført opplæring i gevinstrealisering og førebuande arbeid for å kunne ta i bruk velferdsteknologiske løysingar i tenestene.

Motitech sykklar i heimetenestene


I 2018 er det kjøpt inn 2 bærbare sykklar til bruk heime hjå pasientar/ brukarar som treng rehabilitering eller habilitering. Dette tilbodet er det heimetenestene som organiserer. Heimetenestene har og stort fokus på å legge til rette og motivere for trening i heimen. Dette for at forskning visar at kvardagstrening kan vere med å vedlikehalde styrke, balanse og evna til å kunne meistre daglege gjeremål sjølv.

Heimetrening for kvardagshelse

I 2018 har kommunen starta planlegging og organisering av eit nytt tilbod som skal starte opp 2019. Tilbodet er eit tverrfagleg prosjekt som vert kalla «Din kvardag tel», der målet er at personen etter tilbodet i større grad skal meistra aktivitetane dei hadde utfordringar med, eller at dei skal sitja att med eit mindre hjelpebehov enn dei gjerne ville endt opp med utan denne oppfølginga. Dette er spesielt retta mot heimebuande personar, som ikkje mottek hjelp i frå heimetenesta, men som opplever reduksjon i eiga helse og funksjonsnivå i slik grad at det går ut over kvardagsaktiviteten.

Dag- og aktivitetstilbod for heimebuande

I dei ulike delane av kommunen er det etablert varierte tilbod som brukarane kan delta på. Dette er med å skapa auka trivsel i kvardagen for heimebuande og er eit viktig bidrag i eit førebyggjande arbeid. I heimetenestena yter ein og dagtilbod til enkelte i eigen heim. Det har vore ein stor auke på brukarar som ynskjer dagtilbod på sjukeheimen. I samband med dette er det etablert transportordning i alle delar av kommunen.



Netto driftsutgifter pr innb. i kr pleie- og omsorgstenesta

Førebyggjande heimebesøk

Tilbodet vil bli gitt det året ein fyller 80 år og der ein ikkje har tenester frå før eller tenester av lite omfang. Masfjorden kommune ynskjer å ha fokus på å legge til rette for at eldre skal kunne bli buande i sin eigen heim, føle seg trygge, oppleve livskvalitet og ivareta god helse lengst mogeleg.

Rehabilitering og habilitering

Masfjorden sjukeheim har mange som kjem frå sjukehus eller heimetenesta for korttidsopphald, der rehabilitering ofte er eit mål for opphaldet. På sjukeheimen arbeider ein tverrfagleg for å sikre at alle pasientar får trene og bli rehabilitert, slik at ein kan ivareta eigenomsorg og bu heime med eller utan hjelp frå heimetenesta.

Forvaltning av tenester

I 2017 utarbeida kommunen ei forskrift for tildeling av langtidsplass på sjukeheim. I 2018 vart det utarbeida ei retningslinje for tildeling av omsorgsbustader. Alle søknader vert handtert i tråd med desse. Gjennom tiltaksrådet sikrar ein at pasientar og brukarar får gode tenester etter BEON- prinsippet, best effektive omsorgsnivå.

Folkehelse 2018

I 2018 har kommune deltatt i KS nettverk, der tema har vore helse i plan/ folkehelse. Kommunen har delteke med ei arbeidsgruppe, som har hatt til oppgåve å utarbeide ny folkehelseoversikt, jf. lov om folkehelse. Folkehelseoversikt skal utarbeidast kvart fjerde år og målet er at denne skal vere klar til nytt kommunestyre hausten 2019.

Ressurssjukepleiar i kreftomsorg og lindrande behandling

Helse Vest har bygd opp eit nettverk av ressurspersonar i kreftomsorg og lindrande behandling. Målet med nettverka er kompetanseheving og samhandling slik at kreftpasientar og andre pasientar med behov for lindrande behandling, samt deira pårørande, opplever god kvalitet og tryggleik i alle nivå av helsetenestene. Ressurspersonane får systematisk kompetanseheving gjennom nettverkssamlingar og fagdagar i nettverket. Ressurssjukepleiar kan ein kontakte direkte, via fastlege, via heimetenesta eller institusjon i kommunen, eller via dei ulike sjukehusavdelingane. Ingrid Skuggedal og Gunn Andås er kommunen sine ressursjukepleiarar, og arbeider i heimetenesta.



Dei har vidareutdanning innan lindrande behandling. Ressurssjukepleiar kan bidra med heimebesøk for samtale, kartlegging og oppfølging, støtte til kreftpasientar og pårørande, koordinering av tenestetilbod saman med helse- og omsorg tenesta, gje råd og rettleiing til hjelp for plagsame symptom, formidle hjelp til å skaffe aktuelle hjelpemiddel, og bidra til informasjon om rettar og praktiske prosedyrar. Ressurssjukepleiar arbeidar for samhandling, med systemarbeid, klinisk forbetningsarbeid og kompetansebygging. Dette er heile tida i tett samarbeid med heimetenesta og sjukeheimen.

Sjukeheimen



Året 2018 på sjukeheimen

I 2017 hadde sjukeheimen fokus på å slå saman avdelingane på sjukeheimen til ei administrativ teneste. Ved evaluering har dette fungert fint og me er no ein sjukeheim med ei administrativ teneste og ei personalgruppe.

Me har gjennomført to vernerundar, den fyrste med fokus på fysisk miljø og den andre med fokus på psykososialt miljø.

Me har gjennom heile året hatt fokus på god omsorg og fagleg forsvarlege tenester.



I vår hadde me vårfest på arbeidsstova og i haust tok me turen til Skjerjehamn. Der kjøpte me oss kaffi og hadde med oss litt å bite i. Me deltok i Motitec sitt arrangement «Sykkel- VM for eldre» der Masfjorden sjukeheim kom på 12. plass.

Før jul arrangerte kjøkkenet felles julelunch for alle pasientar og tilsette ved sjukeheimen. Me har hatt bålpannekos i hagen og ulike andre arrangement på fellesstova av musikkskulen, barnehagen og andre aktørar.

Desse samankomstane er viktige for både pasientar og tilsette då det skapar felles gleder og hentar fram gode minner. I tillegg til desse arrangementa har me også gjennomført dei årlege samankomstane som basar, andakt, trekkspelkveldar og onsdagskafé som helselaget arrangerer. Hausten 2017 endra Nystova middagstida til kl. 16 i staden for kl. 13 som ei prøveordning. Dette fungerte så bra at i desember 2018 innførte ein dette på pleieavdelinga også. Ordninga skal evaluerast i april 2019. Evalueringa vil vere basert på pasientvekt, pasientane si oppleving av endring, personalet si oppleving, kjøkkenet si oppleving, og trivselssfaktorar.

I år har sjukeheimen hatt 55 korttidsopphald/avlastingsopphald, 6 bebuarar har fått langtids plass, det har vore 10 dødsfall ved sjukeheimen og 20 personar har hatt dagtilbod ved sjukeheimen.

Kort informasjon om avdelinga – innleiing

Omsorgsavdelinga/Nystova har totalt 31 rom med bad og 2 rom utan bad. Me har arbeidsstove/fellesstove som er open alle kvardagar. På arbeidsstova/fellesstova er det også dagtilbod for heimebuande som treng dagtilbod og fellesskap. Omsorgsavdelinga/nystova yter tenester til pasientar innan psykiatri, demens, rehabilitering, kreft, omsorg ved livets slutt og andre medisinske sjukdommar.

Mål for 2018 er å fortsette å vere ein 5- stjernes sjukeheim som ivaretek heile mennesket ved å gje god medisinsk behandling og meningsfylte kvardagar. Me ynskjer å yte gode individuelle tenester og service til både bebuar og pårørande. Det skal også vere ein god arbeidsplass for tilsette med eit godt arbeidsmiljø, godt samarbeid og fagleg utvikling.

Kva har vore særskilte mål for avdelinga, utfordringar – kva har ein arbeida med?

I 2018 har ein hatt fokus på fagleg utvikling, personalet rullerar med 6 vekers intervall på dei tre avdelingane. Ordninga skal evaluerast i april 2019. Det gjer det lettare å sikre fagleg god bemanning og oppdatering på alle avdelingar når ein rullerer. I tillegg har to sjukepleiarar tatt vidareutdanning og samtlege av personalet har fullført ABC velferdsteknologi.

Marit Andersen Nesse er leiar for sjukeheimen og Ida Tangedal er assisterande leiar.

Økonomi

Budsjettet går sånn omtrent i balanse. Det er eit overforbruk på sjukevikar og overtid. Det har gjennom heile 2018 vore fleire sjukemeldte samstundes, i tillegg kjem ferieavvikling, eigenmeldingar, velferdspersmisjonar og borns sjukdom. Det har vore utskifting i personalet. Seks tilsette har hatt svangerskapspermisjon og to tilsette er i uløna permisjon. Dette har gjort det utfordrande å halde oppe grunnbemanninga slik ein ynskjer. Det er ikkje alltid like lett å få vikar, det har difor i periodar ført til ein del overtidsbruk.

I haust har pasientbelegget gradvis blitt redusert, og av den grunn har vikarbehovet vorte mindre, og samstundes har ein organisert turnus og bemanning slik at ein har klart å redusere eitt årsverk frå oktober 2018.

Personalstatus

Det er 48 tilsette ved sjukeheimen, som til saman utgjer 31,3 årsvverk. Me er 11 sjukepleiarar, 21 fagarbeidarar, 11 assistentar og 2



læringar. Den eldste som arbeider her er 71 år medan den yngste er 16 år. I eit kvinnedominert yrke er me heldige og har 2 menn i faste stillingar.

I tillegg har me 2 merkantil (kontormedarbeidarar) og 1 aktivitør på arbeidsstova. Me har godt samarbeid med fysioterapeut, lege, heimetenestene og hjelpemiddelavdelinga.

Kjøkkenet

Kjøkkenet ved Masfjorden sjukeheim har som mål å levere gode og næringsrike måltid på sjukeheimen og til dei som får levert middag heime. Kjøkkenet tilbyr og spesialkost til dei som treng det av ulike grunnar.



Det har vore mykje diskusjon rundt kor tid det beste tidspunktet for middags- servering er, både internt på sjukeheimen og i media. Nystova har prøvd ut sein middag i eitt år. I haust vart vi samde om å innføre sein middag på pleieavdelinga også.

Vi produserar mellom 50 og 60 middagsporsjonar kvar dag. Om lag 20 porsjonar blir pakka i porsjonspakningar før dei blir sendt ut og fordelt til heimebuande i Nordbygda og på Sørsida. Dei middagane som vi pakkar og sender ut til heimebuande, er framleis ferdige til kl 1200, det same gjeld for pasientar på dagtilbod, dei får tilbod om middag kl 13.00.

Kjøkkenet lagar lunch til pleieavdelingane til kl 12.00. Middagen til avdelingane med sein middag blir laga ferdig og sett i varmevogn til den blir servert.



Når bebruarane har bursdag lagar vi blautkake, eller kake etter eige ynskje, til den aktuelle avdelinga. Mors- og farsdagar blir også markert med kremkaker.

Kvar tysdag og torsdag lagar vi lunsj som personalet på sjukeheimen kan kjøpe. Det kan vere varm lunsj, brød, rundstykke el-

ler horn med diverse pålegg.

Økonomi

For å følgje opp regelverk i høve til offentlig anskaffing, bestiller vi varer på E-handel, og vi er under Bergensavtalen.

Talet på brukarar, både på sjukeheimen og heimebuande, er alltid i forandring. Dette påverkar økonomien. Utgifter til innkjøp av næringsmidlar og plastemballasje/pakkefolie vil variere.

Personalstatus

Kjøkkenet ved Masfjorden sjukeheim har tildelt 2,3 årsverk, der 1,9 årsverk er kokk og 0,4 årsverk er assistent. Vi har for tida to læringar som etter planen skal vere ferdige i 2020.

I 2018 har vi hatt 156 timar med sjukemelding, og 131 timar med eigenmelding, totalt 286 timar sjukdomsfråvær. Av desse har vi dekkja inn 85 timar med sjukevikar. På grunn av lite vikarar, spesielt på helg, har vi måtta ty til overtid, 32 timar totalt.

Vaskeri og reinhald, bygg og anlegg

Mål: På vaskeri og reinhald ønskjer me å yte gode reinhaldstjenester for bebruarar, pårørande/besøkande og dei tilsette på sjukeheimen.

Oppgåveløysing

På vaskeriet utfører me vask og handtering av privat og felles tøy til bebruarane, og dukar og gardiner til huset. Avdelinga vaskar også arbeidskleda til personalet på sjukeheimen, heimetenes-tene og legekantoret. Me utfører også mindre vaskerioppdrag for privatpersoner og småbedrifter. Me ordnar med merking av bebruarane sine privatklede, og mindre reperasjoner av tøy. Reinhaldarane jobbar etter ein reinhaldsplan som er fastlagt for heile sjukeheimsbygget. Dei er fleksible, og må gjerne gjere om på dagens plan for å klargjere rom for pasientar som kjem frå sjukehus.

Personalstatus

På Vaskeri og reinhald har me 2,9 årsverk fordelt på 5 personer. I 2018 har ein tilsett hatt permisjon frå jobben sin, men ved hjelp av flinke vikarar har me klart å halde reinhaldsplanane for sjukeheimen.

Økonomi

I 2018 har me investert i nye dører med automatisk opning i kjellaren. Dette gjer det lettare for rullestolbrukarar og andre rørslehemma å komme seg til og frå fysioterapi-salen. Me har måtte skifte ut nokre sunde kvitevarer, og kjøpt nytt brannskap. Elles går mykje av budsjettet, bortsett frå vanlege driftsutgifter, til diverse vedlikehald på varmeanlegg, radiatorar og elektrisk anlegg. Det merkast på vedlikehaldsutgiftene at sjukeheimen ikkje er eit nytt bygg lenger.



Svingen bu- og avlastning

I Svingen tilbyr kommunen avlastning og butilbod til barn og unge med særskilde behov og funksjonsnedsettingar. Me tilbyr heildøgns- og dagavlastning, skuletilbod og fritidstilbod.

Avlastninga er bemanna 24/7. Det er eit felles dagtilbod måndag, onsdag og fredag på Einekavane. Dette er eit samarbeid mellom Einekavane, kommunen, kulturskulen og avlastningstenesta. Her tilbyr me musikkterapitimar og andre fellesaktivitetar for gruppa i eit tilrettelagt miljø på Matre. Det er og tilbod om bassengterapi i Modalen onsdagane.

Elles får brukarane med tilrettelagte dagtilbod ein variert kvardag med arbeidspraksis i bedrifter i nærmiljøet, ADL-trening, dataopp-læring, musikkopplæring, vaksenopplæring, fysisk aktivitet og sosial trening.

Svingen bu – og avlastningstenesta har som mål å tilrettelegge og tilpasse miljøet og gje brukarar ein trygg, forutsigbar og meningsfylt kvardag.

Me har også hatt utflukt på hyttetur dette året som var suksess. No gler me oss alle til å halda fram planlegging av nye bustader. Dette vert eit svært spanande prosjekt å få fylgje vidare i prosessen.

Personale

Det er 20 tilsette i ulike stillingsstorleikar, som til saman utgjer 11,8 årsverk.

Dette året har alle i Svingen fullført kurs med velferdsteknologi ABC og me er no starta opp med nytt kurs i Mitt Livs ABC.

Me har hatt eit år med planlagte sjukemeldingar, men alt i alt eit stabilt år med eit flott personale som stiller opp når det trengs og yter deira aller beste.



Nye omsorgsbustader på Hosteland

Hjelpemiddeltjenesta

Hjelpemiddelformidling:

I løpet av 2018 har hjelpemiddeltjenesta auka frå 70% til 80% stilling og er bemanna av ergoterapeut. 10% av denne stillinga blei i 2018 leigd ut til Austrheim kommune som eit prøveprosjekt. %. I praksis vil det seia at ergoterapeut har vore tilgjengelig i Masfjorden tre dagar i veka (man-ons), og i Austrheim ein dag i veka (tors). Dette har fungert greitt for begge kommunar, og ein har avgjort at frå januar 2019 skal utleiga aukast opp til 20%.

Hjelpemiddeltjenesta samarbeider tett med teknisk avdeling og heimetenestene om kartlegging, utlevering, tilpassing, reparasjonar og vedlikehald av tekniske hjelpemiddel rundt i kommunen.

Vi arbeider i hovudsak med hjelpemiddel på utlån frå korttidslager og langtidsutlån frå NAV hjelpemiddelsentral, assisterer med tilrettelegging i bustad, assisterer i prosessen med hørsels- og synshjelpemiddel gjennom NAV. Vi hjelper og med søknadar på hjelpemiddel og utlevering for bebuarar på sjukeheimen og i heimetenestene.

Bustadteam

Teamet består av representant frå økonomi, teknisk og hjelpemiddeltjenesta. Bustadteamet har i 2018 vore involvert i fleire saker i kommunen der det har vore behov og ynskje om å bygge om bustad til livsløpsstandard, det vil seie at ein har alle naudsynte rom på eit plan med trinnslaus inngang. Dette er Masfjorden kommune positiv til, då det gjer at fleire eldre kan bu lenger heime med eller utan hjelp frå det offentlege. Vi assisterer og dersom ein grunna

ulike funksjonshemmingar har behov for endringar på bustaden for at det skal fungere i kvardagen.

Førebyggjande Heimebesøk

I år har me vidareført prosjektet Førebyggjande Heimebesøk i samarbeid med heimetenesta i Indrefjorden. Me har tilbydd å vitja alle dei i Masfjorden som fylte 80 år i 2018, og som bur heime utan hjelp frå det offentlege. Heimebesøket består av ein samtale heime hjå den enkelte masfjording, med fokus på tryggleik i heimen, deltaking i kvardagslivet, moglegheiter for tilrettelegging av heimen om sjukdom eller skade skulle oppstå og andre emne som det viser seg naturleg å ta opp. Intensjonen vår er å skapa eit positivt første møte med dei eldre og vise at kommunen ønskjer å legge til rette for at flest mogleg skal få bu heime lengst mogleg.

Din kvardag tel, prosjekt kvardagshelse

I 2018 har hjelpemiddeltjenesta delteke i planlegginga av prosjekt kvardagshelse. Dette er eit treningsregime der vi trener saman med den det gjeld heime i brukaren sine eigen omgjevnadar, og ut frå deira målsetning. Det er tidsavgrensa treningsperiode og meininga er at brukaren skal kunne halde fram med treninga sjølv etter at perioden er over. Teamet består av ein vernepleiar, sjukepleier, fysioterapeut og ergoterapeut. Prosjektet startar opp i januar 2019. For meir informasjon ta kontakt med legekantoret eller forvaltningskontoret.

Takk

I 2018 vart Lillian Haugsdal pensjonert, og vi takkar ho for god innsats i hjelpemiddeltjenesta over mange år.



Heimetenesta

Organisering

Heimetenesta vert drifta som ei avdeling i kommunen med felles administrasjon. Leiarteamet for heimetenestene består av ein leiar med overordna ansvar og to assisterande leiarar.

Leiar Beate I. Matre har hatt permisjon frå stillinga si som leiar frå mai 2018. Hildegunn Bjånes har etter den tid fungert som overordna leiar med dagleg ansvar for drift i Indrefjorden. Siri Kratzmeier er ass. leiar med dagleg ansvar for Nordbygda- området og Silje Totland ass. leiar med dagleg ansvar for Sørsida- området.

Dei tilsette arbeider utifrå ein felles turnus og arbeidsplan for organisering av tildelte tenester. Organiseringa medverkar til at til at ein får ei heilskapeleg teneste i kommunen, som ivaretek brukarane sine behov og bidreg samla sett til ei effektiv drift.

Tildeling av tenester

Søknader på heimetenester vert handsama på forvaltningskontoret i samråd med leiarteamet. Søknader eller saker som gjeld institusjonsopphald, omsorgsbustader eller tiltak ved utskriving frå sjukeheim eller sjukehus vert handsama i tiltaksrådet.

Heimetenesta utfører tenester i heimen i samsvar med vedtak etter søknader og utifrå behovet til den einkilde til ei kvar tid. Tenestene omfattar helsehjelp i heimen (heimesjukepleie), praktisk bistand (heimehjelp), matombringning og tryggleiksalarm. Her kan ein og få røykalarm kobla til alarmen.

Heimetenesta vurderar behov for og skaffar hjelpemiddel til kortvarig bruk. Det vert og formidla søknad til hjelpemiddel for langvarig bruk via hjelpemiddeltjenesta. Heimetenestene har i tillegg ansvar for drift av omsorgsbustadane.

Viktige mål for tenesta i 2018 har vore:

- Brukarane skal kunne bu heime så lenge dei ynskjer, og det er fagleg forsvarleg.
- Brukarane opplever ein aktiv og meningsfull kvardag.

For å nå desse måla har Heimetenesta lagt stor vekt på førebyggjande tiltak og arbeidd med følgjande:

- Tilrettelegging, og tildeling av tenester utifrå individuelle behov til ei kvar tid
- Tilby og skaffa nødvendige hjelpemidlar i heimen
- Tilby dagtilbod med transportordning
- Trening med Motitech- sykkel
- Heimetrening for kvardagshelse
- Førebyggjande heimebesøk til alle det året dei fyller 80 år.

Økonomi

Rekneskapen viser eit lite overskot i Heimetenesta. Drift av omsorgsbustadane går i minus. Dette skuldast i hovudsak oppussing av to bustader på Matre. Dette var heilt nødvendig for å få leigd dei ut på nytt.

Tilsette - stillingsnemning	Stillingsprosent
Sjukepleiarar	931 %
Helsefagarbeidar	1 038 %
Assistent	50 %
Lærlingar/elev	130 %

I tillegg har det gjennom året vore tre lærlingar/elevar som har arbeidd i Heimetenesta.

Spesialsjukepleie- kompetanse

- Tverrfagleg rehabilitering: Hildegunn Bjånes.
- Kreftsjukepleie: Tove Kristin Sleire Tistel . 20 % stilling som ressursjukepleiar i kreftomsorg og lindrande behandling fram til oktober 2018.
- Palliativ sjukepleie: Ingrid Skuggedal og Gunn Andås. Desse overtok rolla som ressursjukepleiar i lindrande behandling frå oktober 2018.

Kompetansehevande tiltak

Hovudfokus dette året har vore Velferdsteknologi ABC. Her har alle tilsette fått tilbod om å delta på fem samlingar for å få grunnleggjande kunnskap om velferdsteknologi. Dette som eit førebudande tiltak i arbeidet med å legge til rette for at velferdsteknologi skal bli ein naturleg del av tenestene innan 2020. Åse Solheim og Rita Høydal Bøe jobbar som ressurspersonar i kommunen i samarbeid med Nordhordlandsprosjektet – saman om velferdsteknologi.

Tenestetype	Tal på brukarar 2017	Vedtaks- timar pr. veke 2017	Tal på brukarar 2018	Vedtaks- timar pr. veke 2018
Heimesjukepleie	77	187	71	233
Praktisk Bistand	46	37	48	41
Matombringning	26		26	
Tryggleiksalarm	37		42	

Tal brukarar har vore relativt stabilt i Heimetenesta siste åra. Dette har variert ein del gjennom året. Sjølv om tal brukarar som fekk Heimesjukepleie i 2018 er litt redusert ved års-slutt samanlikna med året før, er det ein del auke i vedtakstimar og nokon fleire som fekk tryggleiksalarm. Dette samsvarar med auka satsing og fokus på å legge til rette for at innbyggjarane skal kunne bu lengst mogleg heime. Det er lagt vekt på at ein i tilstrekkeleg grad skal tilby og prøve ut auka tenester i heimen før institusjonsopphald er aktuelt.

Brukarar i Nordbygda og på Sørsida får matombringning i form av middagslevering frå kjøkenet på sjukeheimen. Det var i 2018 ikkje lenger tilbod om middagslevering frå Einekavane AS for brukarar i Indrefjorden.



Aktivitetstilbod

18 brukarar har hatt dagsentertilbod på sjukeheimen. Her er det ulike skyssordningar frå alle delar av kommunen i form av taxi, kommunal bil og heimetenesta.

Seniortreff på Sandnes har vore gjennomført ein onsdag per månad bortsett frå på sommaren, ved hjelp av frivillige i samarbeid med Sandneskafeen.

I Indrefjorden nyttar mange seg av tilbodet helselaget har kvar 14. dag på bua på Haugsvær.

Omsorgsbustader

Heimtenesta har ansvar for drift av til saman 23 omsorgsbustader fordelt på:

- Sandnes: 5 bustadar. På slutten av året var det 1 ledig bustad.
- Matre: 4 bustader. 1 ledig på slutten av året som er rehabilitert.
- Haugsvær: 5 bustader der alle er utleigd.
- Nordbygda: 9 bustader og 1 hybelleilegheit. Alt var utleigd ved års-slutt.

FLYKTNINGETENESTA

I 2018 vart ikkje Masfjorden kommune oppmoda om å buse-tje flyktningar. Årsaka til dette er at det har vore betydelig færre flyktningar som har kome til Norge. Dette er ein realitet for alle kommunar i Norge, og spesielt merkbart for mindre og nyare busetjingskommunar.

Ei av hovudoppgåvene til flyktingtenesta er organisering og oppfølging av introduksjonsprogrammet for flyktningar. Programmet har som mål å kvalifisere vaksne deltakarar til arbeid eller vidare utdanning. I 2018 har vi hatt 10 deltakarar i programmet. I tillegg til undervisning i norsk og samfunnsfag, språk- og arbeidspraksis har vi hatt ein del andre prosjekt i 2018 som del av programmet. I samarbeid med Karrieresenter Nordhordaland har vi hatt eit karrierettileingsprosjekt for våre deltakarar. Karrieresenter Nordhordaland har hatt tre dagar i Masfjorden med karrierettileing med fokus på arbeid og utdanning. I samarbeid med Barnevern og helsetenesta i kommunen har vi gjennomført foreldrerettileingskurs for minoritetsspråklege (ICDP) som del av introduksjonsprogrammet. Symjekunnskapar er viktig for både vaksne og barn som bur i Noreg. Vi har i løpet av 2017 og 2018 hatt symjekurs for vaksne kvinner og menn med liten eller ingen symjekunnskap. Dette har vi fått til ved god hjelp av flinke instruktørar som bur i kommunen. Vi har også hatt besøk av politiet sin utlendingsseksjon frå Bergen på ein informasjonsdag, der dei har gitt nyttig informasjon om relevante tema. I samarbeid med vaksenopplæringa har våre deltakarar også fått undervisning i teoriopplæring til førarkort og kurs i engelsk.

Språkkaféen på Sandnes som vart starta av Frivilligsentralen, Masfjorden folkebibliotek og Sandneskafeen har halde fram i 2018. Det har vore ein positiv arena for framandspråklege og lokalbefolkninga til å møtast for å praktisere språk og bli betre kjent. I løpet av våren vart det i samarbeid mellom språkkaféen og vaksenopplæringa arrangert ein «Syrisk kveld» på Sandnes skule. Dette blei ein

utruleg flott kveld i ein heilt full gymsal der det vart servert utallege matrettar frå Syria, Irak og Norge. Familiane som har kome som flyktningar til Masfjorden presenterte ei flott framvising frå deira heimland som vi fekk bli betre kjent med.

Sidan 2015 til 2017 har kommunen busett sju familiar. Ein sentral del av arbeidet til flyktingtenesta er oppfølging av dei familiane som er busette i kommunen. Ettersom dei fleste deltakarane våre nærmar seg slutten av introduksjonsprogrammet og nokon er ferdige, så er det eit stort fokus på vegen vidare til arbeidsliv eller utdanning. Vi er svært takksame for alle dei arbeidsplassane som har teke imot våre deltakarar i språk- og arbeidspraksis. Vi vil også oppmode arbeidsgjevarar rundt om i kommunen og nærleiken til å vere villige til å gje våre deltakarar ein sjanse i arbeidslivet når dei er ferdige i introduksjonsprogrammet. Dette er menneske med mange ressursar som ynskjer å jobbe og kunne bidra til fellesskapet.

Masfjorden har ikkje fått oppmoding om å busette flyktningar i 2019 på grunn av forventa låg inntekt av flyktningar til Norge. Sjølv om det ikkje har vore busetting av flyktningar i 2018 er det framleis viktig at kommunen og lokalsamfunna held fram med det gode arbeidet med integrering og å inkludera alle innbyggjarar som bur i og flyttar til Masfjorden.

Flyktingtenesta vil takke for godt og viktig samarbeid med dei andre kommunale einingane og lokalsamfunna rundt om i kommunen.

BEREDSKAP

Fylkesmannen i Hordaland hadde tilsyn med kommunen sitt arbeid med samfunnstryggleik og beredskap i møte den 13. februar 2018. Før møtet vart alle planverk og dokument som kommunen har og som skildrar dette viktige arbeidet sendt over til fylkesmannen.

Tilsynet medførte to avvik på følgjande område:

- Masfjorden kommune kan ikkje i tilstrekkeleg grad dokumentere heilskapleg og systematisk arbeid med samfunnstryggleik og beredskap. Frist for lukking: 01.01.2019.
- Masfjorden kommune har ikkje eit dokumentert system for opplæring for alle som er tiltenkt ei rolle i kommunen si krisehandtering. Frist for lukking: 01.01.2019.

I tillegg meinte fylkesmannen at kommunen sin heilskapelege ROS-analyse i større grad må omtale vurderingane som er gjort og synleggjere kunnskapen som er lagt til grunn for konklusjonane, samt at kriseplanen har nokre forbettringspunkt.

I 2018 har kommunen arbeidd med å lukka avvika. På grunn av utfordringar knytt til kapasitet fekk kommunen ny frist til 15. februar 2019 til å senda over status for arbeidet og underlag for fylkesmannen til å vurdere lukking av avvika.

Kommunen har i meldingsåret delteke med tre tilsette på kurs på Voss i samfunnstryggleik og beredskap 18. og 19. oktober. Den 11. desember var det øving i kriseleiinga i kommunen (KKL). Her

vart det i regi av fylkesmannen fokusert på bruk av nødnett og korleis denne kommunikasjonen fungerer i ei krise.

Eit viktig tiltak for å styrka beredskapen i Masfjorden kommune har vore arbeidet med å fjerna ein del skog langs fylkesvegane, slik

at både sikten og fare for trefall over vegar er vorte noko redusert. Arbeid med punktutbetringar i Mjanger-Hopslia har og medførte at ein utsett vegstrekning har fått betre framkome. Arbeidet med fiber til heimane i fleire nye bygder har og medført betre og meir robust kommunikasjon for mange.

RÅNDKOMMUNE-SAMARBEID

«Randkommunane», Austrheim, Fedje, Gulen, Masfjorden, Modalen, Osterøy og Vaksdal, ønskjer å få til konkret samarbeid på ulike område.

Det at kommunane kjenner kvarandre godt og har felles IKT system gjer at dei har eit godt utgangspunkt for å få til konkret samarbeid.

Det trenger ikkje å vere slik at alle kommunane trenger å vere med på alt. Det kan vere ein fordel i ein oppstartsfase at det ikkje er for mange som deltek, så kan heller fleire kople seg på når samarbeidet er etablert. Samarbeidet treng heller ikkje å vere med dei kommunane som ligg nærast kvarandre, det kan vere andre faktorar som avgjer kven som bør vere med i samarbeidet. Sjølv om ikkje alle kommunane deltek i alt av samarbeid vil det vere ein stor fordel at samarbeida er kjent for dei andre kommunane og at ein kan kople seg på samarbeidet når det måtte vere tenleg.

Det er kvalitetsutfordringa, krav til kompetanse og redusere sårbarheten som over tid er det viktigaste argumentet for å sjå på organiseringa av kommunale oppgåver, område som krev spesiell kompetanse. Kommunane erfarer at krav til kompetanse og spesialisering gjer samarbeid nødvendig. Det bør på sikt også kunne gi meir effektive tenester.

KYRKJA

Under det som vert definert som rammeområde kyrkje vart det i 2018 nytta samla om lag 3,6 mill. kr.

Masfjorden kommune yter driftstilskot til Masfjorden kyrkjelegellessråd (MKF), fordelt med kr. 2 253 300 inkl. midlar til delfinansiering av prestestilling, og rente- og avdragskompensasjon med kr. 321 551 og vidare tenesteytingsavtale mellom MKF og kommunen vertsett til kr. 391 700.

Vidare yter kommunen driftstilskot til kyrkjegardar. Dette utgjorde i 2018 kr. 510.000,-.

Utover det som tradisjonelt vert definert som kyrkje, har ein på dette rammeområdet og kostnader/tilskot til andre religiøse trusamfunn. Denne delen auka ein del i 2018, og utgjorde litt over 100 000 i 2018. Utover dette har kommunen direkteført litt kostnader til føremålet.

No i ein tidleg fase er det peika på mange område som kan vere aktuelle, det er mellom anna; rekneskap & lønn, arkiv – dokumentcenter, sentralbord og publikumsservice, NAV, PPT, barnevern etc. Denne form og utvikling av samarbeid, vil krevje tid frå leiinga og tilsette i kommunen. Det må difor ikkje settast i gong meir enn det som kan handterast. Ved val av område må det sjåast på kor den største effekten/gevinsten vil vere.

BORGARLEG VIGSEL

Stortinget har vedteke lovendingar i ekteskapslova, jf. «Lov om endringar i ekteskapsloven» som ein del av oppgaveoverføring


til kommunane. Lovendinga betyr at vigselsmynde vert overført frå

notarius publicus til ordførar, varaordførar og kommunalt tilsette eller folkevalde som kommunestyret sjølv gjev slik mynde. Ansvar for gjennomføring av borgarlege vigslar vert med det

overført frå tingrettane til kommunane. Lovendinga vart gjeldande frå 1. januar 2018.



KOSTRA oversynet viser at Masfjorden kommune brukar svært mykje pr. innbyggjar på kyrkja samanlikna med gjennomsnittet for landet elles.



Netto driftsutgifter til kyrkjer pr. innbyggjar



KULTUR

Desse hovudoppgåvene/tenestene høyrer heime under kultur: Folkebiblioteket, Den kulturelle skulesekken, idrettsskule, kulturskule, museum, idrettsbaner/anlegg og symjebasseng, anleggs- og driftsstøtte til idrettslag, planarbeid (idrett, friluftsliv og fysisk aktivitet – tippemidlar- nærmiljøanlegg- kulturminne), Den kulturelle spaserstokken/kulturtilbod for eldre, kulturvern, støtte til frivillige lag, kulturmidlar, kultur/lags- og arrangementskontakt. Budsjettet for kulturområdet var for 2018 kr 6,8 mill. Til saman 6, 2 årsverk. Dei største summene går til kulturskulen, kommunale idrettsbygg og idrettsanlegg, folkebibliotek og museum.

Støtte til frivillige lag og bedrifter

Det vart i 2018 betalt ut kr 156 000 i ordinære kulturmidlar til 33 lag og organisasjonar. Kommunen har elles over kulturbudsjettet stått for og ytt samla tilskot kr 39 000 til fleire større og mindre tiltak gjennom året.

På Kraftfondet sitt budsjett var det i 2018 sett av kr 100 000 til kulturtiltak der både lag og bedrifter kunne søkja. 9 av 10 søkjarar fekk tilskot i storleik kr 5 000-40 000.

Sleirsfjellet Opp samla også i år mykje folk og hadde god deltaking. IL Bjørn West sitt Triathlon og Fjon UIL fekk også økonomisk støtte frå Kraftfondet. Masfjord FK fekk støtte til 50-årsjubileum og Nordbygda skulekorps til å arrangera sommarleir for skulekorps. Bedriftene B. Rasmussen keramikk, Fjordtun kafé og Kvingo nærkjøp fekk tilskot til kulturtiltak.

Museum

Størstedelen av museumsbudsjettet vert nytta til Bjørn West-museet. Kommunen inngjekk i 2016 avtale med Museum Vest der dei overtok dagleg drift av museet og der Masfjorden kommune yter årleg tilskot kr 400 000.

Musea i Nothuset og Fargeriet på Sandnes hadde ope søndagar 24.06-26.08. I perioden juni- september var det til saman ni konsertar/arrangement, to utstillingar og eit kurs for skuleelevar i museumslokala og samarbeidspart Sandneskafeen.

I Ullveka i oktober synte studentar frå Kunsthøgskulen i Bergen utstillinga «Fiber Supplement» i Kvamsdal fargerier.

I samband med Ullveka var det ull-arrangement på Sleire med



open dag. Dagen vart avslutta med «Forteljingar i skulestova» i

skulemuseet.

Masfjorden kommune sytte som vanleg for lyd og kulturinnslag ved inkomsten av Bjørn Westmarsjen. Denne gongen sto songkoret Spleis, Kjersti Wiik, Jørn Skauge og Tone Marit H Dyrkolbotn for eit flott kulturprogram.

Kulturvern

To søknader. Begge fekk kommunal støtte i 2018: Løe på Holmen i Sleirsvatnet og Nordre Kvinge trevarefabrikk.

I 2018 har det vorte arbeidd med ny Kulturminneplan for Masfjorden. Planen vil bli lagt fram til politisk handsaming i 2019.

Den kulturelle spaserstokken

Den kulturelle spaserstokken i Masfjorden fekk etter søknad kr 40 000 i tilskot frå Hordaland fylkeskommune. Midlane vart nytta i samband med 17 seniorarrangement gjennom året.

Kulturprisen 2018

Masfjorden kommune sin kulturpris for 2018 vart tildelt Odd Helge Birkestrand for hans langvarige ungdomsarbeid gjennom Masfjorden sjakkklubb.

Prisen vart delt ut i samband med arrangement i regi av Sommarscena i Nothusert på Sandnes.



Ungdommens kulturmønstring

Ungdommens kulturmønstring vart også dette året arrangert saman med dei andre Nordhordlandskommunane på Nordhordland folkehøgskule i mars. Det var få påmelde frå Masfjorden. Sebastian Brown fekk æra av å representera Masfjorden på Fylkesmønstringa på Husnes i april.

Tippemidlar og nærmiljøanlegg

Masfjorden kommune har utarbeidd Kommunedelplan for idrett, friluftsliv og fysisk aktivitet 2017-2024. Planen vert rullert kvart år. Det vert søkt tippemidlar til prioriterte tiltak i handlingsplanen. I 2018 vart prosjekt Kunstgras på idrettsbana og kunstdekke på løpebana på Matre, og nærmiljøanlegget Blåbærhaugen v/ Nordbygda skule ferdigstilt, og statleg tilskot utbetalt.

Sandvolleyballbane i Skolten (Sør-Kvingo) fekk tilsagn om tilskot til nærmiljøanlegg, og arbeidet er starta opp. Søknad om midlar til nærmiljøanlegg i Skjelsundet vart ikkje godkjend og må søkjast på nytt. Turveg på Stien (Nord-Kvingo) fekk tilsagn om midlar i 2017, men har sett prosjektet på vent grunna budsjettsprekke.

Leiar for oppvekst og kultur, Alf Strand, vart i haust pensjonist. Alf har hatt denne stillinga sidan 2005. Rita Ludvigsen er tilsett som ny oppvekstleiar. Frank Kvinge er no fagleiar for kultur og har overteke kulturoppgåver etter Alf Strand.

FOLKEBIBLIOTEKET

Biblioteket skal driva aktiv formidling ved å stille bøker og andre medier gratis til disposisjon. Det skal leggast vekt på kvalitet og aktuell og ny litteratur.

Innkjøp og utlån

I 2018 har det vore ein tilvekst i dei tre biblioteka på 1380 bøker, 95 filmar og ein del lyd bøker. I år er tilveksten større for vaksenlitteratur enn han er for barnelitteratur. Det heng saman med at løyvingane til innkjøp er reduserte. Frå kulturfondet får vi ca 33 % av bøkene. Meir enn halvparten av desse bøkene er for vaksne. I tillegg til bøker, får biblioteket og ein del tidsskrift gjennom kulturfondet. Desse er fordelte rundt om i dei tre biblioteka. Ein del av innkjøpa vert gjort gjennom ulike abonnement både for barn og vaksne der Biblioteksentralen plukkar ut det nyaste innan DVD, bøker og lyd bøker. Dette er gjort av fagfolk og ein sikrar dermed at materiellet stettar kravet om den kvaliteten som er forventa i eit bibliotek. Elles vert det så langt råd er òg kjøpt inn litteratur som lånarar spør etter.

Totalt for skule- og folkebiblioteka er det i 2018 registrert om lag 11700 lån. Dette er ein liten nedgang frå året før. Frå «Det flerspråklige bibliotek» er det lånt inn bokpakkar både på arabisk og polsk slik at dei nye innbyggjarane skal få eit bibliotektilbod på morsmålet sitt. Barn og unge er den største lånegruppa og står for om lag 8500 av låna.

Ikkje heilt uventa er boka som biblioteket fekk i gåve frå Albert Kjetland på utlånstoppen for vaksne i 2018. «Folk på Kjetland» er tittelen på den. Elles er både Edvard Hoem, Jojo Moyes og Lucinda Riley populære forfattarar. Av barnebøker er serien om «Gutta i trehuset», «Dustedagbøkene» og detektivseriane til Jørn Lier Horst dei mest populære, men også fagbøker av ulikt slag er mykje utlånt.



Barn og unge i Masfjorden skal bli gode lesarar og denne gruppa skal vera ei prioritert gruppe for Masfjorden folkebibliotek.

For første gong var Masfjorden med på den nettbaserte versjonen av «Sommarles». Takka vere positive lærarar som både reklamerte for lesekampanjen på foreldremøte og hjelpte elevane med det tekniske i starten, var Masfjorden den kommunen i Hordaland som mobiliserte flest barn til lesekonkurransen. Det var tydeleg at det var motiverande å samle poeng og komme på høgare nivå etter kvart som dei registrerte bøker dei hadde lese. Undervegs kunne lesarane hente seg små premiar på biblioteket. 2029 bøker er registrerte. Sjølv sagt er det ikkje like mykje tekst på alle sidene og

nokre les meir enn andre.

Fleire av tiltaka som har vore iverksett tidlegare, er vorte vidareførte også i 2018. Her kan nemnast: Bok til nyfødde som vert utdelt på småbarnstreffet på nyåret. Lesestunder for grupper av barnehagebarn i Nordbygda barnehage, Lese knappen for 2.klassingar. Biblioteka i Nordhordland har i fleire år arrangert «Best i test» for 8.kl. Målet er at elevane skal lese flest mogeleg av dei seks titlane som er plukka ut og så stemme over den dei likar best. Den boka som har fått flest stemmer, blir kåra til årets ungdomsbok i distriktet. Frå Masfjorden deltok klassar frå Nordbygda og Matre skular. Det blir og samarbeidd med skulane om å skaffe bøker til txt-aksjonen og bokslukerprisen. Begge desse er leseaksjonar frå Foreningen! Les der elevane får tilsendt antologiar med utdrag frå 10 bøker. Men heldigvis har fleire lyst å lese heile boka.

Biblioteket skal samarbeide med lag og organisasjonar og vere ein aktiv møteplass i lokalsamfunnet.

Bok- og strikkekafeane i samarbeid med helselaga og kulturskulen er framleis populære tiltak. Desse vert arrangerte ein gong i månaden både på Sandnes og Hosteland. På Hosteland strikka vi luer og sokkar til premature barn. 43 sett kunne vi gje til nyføddavdelinga på Haukeland sjukehus i sommar.

I februar inviterte vi forskar og geolog Kikki Kleiven til Sandnes med foredraget «Klimaendringar på Vestlandet: Korleis handtere det uungåelege?» Etter foredraget var det debatt der politikarar frå ulike parti var med i panelet. I mai var Jane Britt Daae på biblioteket på Hosteland med foredraget «Turmat og Turglede», det første i foredragsrekka til nordhordlandsbiblioteka i prosjektet Mat! Miljø, kropp og helse. Øyvind Konglevoll var i november på Hosteland med foredraget. «Dar kjem dampen»- om fjordabåtane. Så har det vore nokre arrangement for born. I samband med avslutninga av Sommarles, var Trond Manum var på Matre med litteraturformidlingsprogrammet «Bokstaveleg talt». Thomas frå Lindås bibliotek har vore på Matre og hatt elektronikkverkstad med nokre klassar og Arnfinn Kolerud har vore på Hosteland og snakka om boka «Snillionen»

Over 100 menneske kom på «Syrisk kveld» på Sandnes i byrjinga av mai. Dette var ei avslutning på Språkkaféen som vart vidareført første halvår av 2018. Denne kvelden var i samarbeid med vaksenopplæringa, som òg stod for programmet. Vi fekk sjå filmar frå ulike deler av Syria slik det var der før krigen braut ut. Så vart det servert både syrisk og norsk mat. Det var høve til å låne bøker og ikkje minst å samtale med dei nye innbyggjarane våre.

Konklusjon.

Sjølv om utlånet held seg nokolunde stabilt, er det færre vaksne som kjem på biblioteket. Folk etterspør mindre filmar og lyd bøker enn tidlegare. Det fører til at det og blir utgitt og innkjøpt færre. Mange abonnerer på private mobile løysingar i staden for å bruke biblioteket sine tilbod. Det er såleis eit spørsmål om korleis ein kan få formidla den litteraturen som kjem ut og få publikum til å nytta seg av tilbodet biblioteket kan gje både i høve til læring og oppleving. Biblioteket kan tilby lån av e-bøker, men skal vi behalde papirboka, er det viktig at den og vert etterspurd. Det er heller ikkje så lett å få publikum på arrangementa. Det er likevel å håpa at publikum opplever at biblioteket er ei god teneste både for oppleving og læring og at det er viktig å bruke biblioteket.



KULTURSKULEN

Kulturskulen har bak seg nok eit godt arbeidsår. Elevtalet er stabilt og aktiviteten høg.

«Kulturskulen skal nå mange»

Dei om lag 130 elevplassane gir opplæring innan song, spel, samspel og biletskaping/kunstproduksjon. Undervisning er lagt til ettermiddag og kveld. I tillegg har kulturskulen ei teatergruppe der aktiviteten er lagt til helgesamlingar. Elevane får tilbod om studioinnspeling. Det har blitt halde dansekurs for grunnskuleelevane i kommunen. Dansekursa er i samarbeid med helselag og MOT.

Å oppleve glade, dyktige, trygge, stolte og skapande elevar, og elevar som kjem igjen år etter år, fortel oss at kulturskulen er ein god arena for personleg og fagleg utvikling.

Kurspengar er pr. 31.12.18 kr 2250 pr. år. Det vert gjeve søskenmoderasjon.

Vaksne elevar betaler kr 3375.

« Kulturskulen skal stimulera til fagleg og personleg utvikling for elevane»

17 timelærarar arbeider i til saman 4, 5 årsverk, alt inkludert ressursar til sal av tenester til kor og korps, og administrasjon.

Dyktige, kreative, motiverte og samarbeidsviljuge lærekrefter er med på å skapa eit godt klima for læring, slik at ein i samarbeid med elevar, heim og lokalmiljø oppnår det me alle ønskjer: Kjekke, meningsfylte, stabile, trygge og utviklande fritidstilbod.

« Kulturskulen skal vera godt synleg og delaktig i lokalt kulturarbeid»

Masfjorden kulturskule legg stor vekt på å vera meir enn ein skule der elevar berre får undervisning. Difor deltek elevar aktivt på arrangement både lokalt og regionalt.

I 2018 var kulturskulen og kulturskuleelevar involverte i meir enn hundre tiltak/arrangement, til glede for svært mange. Dette er vinn-vinnsituasjonar. Elevane utviklar seg gjennom å utøva og oppleve, og arrangørar får underhaldning til arrangementa sine. Det kan tidvis vera krevjande å følgja opp alle etterspørslar, men gjevande.

Kulturskuleveka i februar og skulekonsertane i november er gode og godt innarbeidde fellesmål for elevane, og ein god møteplass for elevar, lærarar, foreldre og andre. Kunstgruppa bidrog med flott utstilling på haustkonsertane.

I juni reiste teatergruppa på « turne» til dei tre skulane med skodespel. Turneen vart ein suksess, og blir følgt opp i 2019, denne gongen med fokus på song og musikk.

Sommarkonsertane vart også i år gjennomført som mindre konsertar i kvar skulekrins og i samband med kulturarrangement i kommunen på den tida.

Teatergruppa har hausten 2018 arbeidd fram ei framsyning om « Gubben og katten». Stykket er laga av lærar for gruppa, og ein annan lærar har laga musikk og lydkulisser til. Ei slik oppsetjing fangar på mange måtar alt det kulturskulen ønskjer å dyrka; song, spel, tekst, dans, drama og visuell kunst. Framføring januar 2019.

I juni var kulturskulen si femte cd-utgjeving ein realitet. Både elevar og lærarar er stolte over produktet. Studioinnspelingane vil halda fram og bli samla på ein cd som som truleg vert utgitt i 2020.



I desember vart det og halde julekonsertar i dei tre kyrkjene og på sjukeheimen. Konsertane er eit samarbeid mellom alle song- og musikkraftene i kommunen, og der kulturskulen trekkjer i trådane.



Fire flotte konsertar, med god publikumsoppslutning. Elevar frå kulturskulen deltok på UKM si lokalmønstringa i UKM på Frekhaug i mars. Dette er eit fellesarrangement for kommunane i Nordhordland. Sebastian Brown representerte kommunen på fylkesmønstringa på Husnes.

Mange av korpsmusikantane deltok i Hordablæsten i april og Mangerfestivalen i november med flotte prestasjonar og gode resultat.

« Kulturskulen skal samarbeida om tiltak med skule, barnehage, bibliotek og lagsliv»

For kommunen er det viktig at innbyggjarane får meningsfull aktivitet og gode opplevingar gjennom kulturtilboda. For kulturskulen er samarbeid med andre aktørar nøkkelen til at ein kan nå desse måla. Økonomien set klare grenser for kva type samarbeid ein kan få til, og kor stort omfanget blir.



Det er difor dei tilsette i kulturskulen med det dei kan og involverer seg i som er den aller viktigaste ressursen i samarbeidet.



Kulturskulen sel dirigent- og instruktørtenester til skulekorpsa og amatørkorps/kor, ein samarbeider om aspirantopplæringa til skulekorpsa og ein prøver å vera ein god medspelar til desse laga og andre kulturaktørar og institusjonar gjennom samarbeid om konsertar og arrangement.

Laga er gode kulturleverandørar, og steller i stand mange flotte arrangement og inviterer til fruktbare samarbeid. ABBA-showet i november iscenesett av Nordbygda skulekorps kan stå som eitt godt døme på dette.

Kulturskule, grunnskule, barnehagar og MOT samarbeider framleis om dansekurs. Det er gledeleg at helselaga i kommunen framleis skaffar midlar, ma gjennom Midtunheimfondet, for å gje danseopplæring til barn og unge i Masfjorden. På oppdrag frå helselaga forvaltar kulturskulen desse midlane og organiserer moglege tiltak med samarbeidspartane.

Samarbeid med bibliotek, seniorsamlingar, kyrkja, pensjonistlag og eldrekafe på sjukeheimen er godt innarbeidde tiltak, og



eleva frå kulturskulen stiller med underholdning til stor glede for alle som deltek. Så er det kjekt når eleva får « eksklusive» oppdrag i nabokommunane. Dette er oppdrag som har høg status blant elevane.

Sandneskafeén har markert seg som ein kulturkafeé, og ein ønskjer å vidareutvikla samarbeidet kring arrangement der.

Samarbeidet med Einekavane om musikktilbod for ungdommar med behov for tilrettelegging heldt fram. Dei er også flinke til å invitera barnehage og andre til konsertane sine.

Kulturskulen administrerer Den kulturelle spaserstokken, ei støtteordning for kulturtilbod for eldre. Her vert fylkeskommunale midlar tildelt etter søknad. Kommunen har fått mykje god kultur ut av desse kronene. Tilbakemeldingane frå brukarane er svært gode.

IDRETTSSKULEN

Idrettsskuletilbodet blir gjennomført ved alle tre skulane for eleva i 2. til 7.klasse.

Ved start på hausten vert elevane delt inn i to grupper ved Sandnes og Nordbygda og i ei fellesgruppe ved Matre. Alle gruppene har hatt fysisk aktivitet og idrett 1,5t kvar veke. Elevane har praktisert ei rekke idrettar, der målet har vore å heva den kroppslege kompetansen og dei tekniske ferdigheitene innanfor ulike aktivitetar og konkurranseidrettar.

På hausten gjekk elevtalet noko opp, etter ei liten nedgang i fjor. Idrettsskulen sitt mål om å vera eit kompetansehevingstilbod og ikkje eit «leiketilbod», er no er betre kjend blant både eleva og dei føresette, så det er positivt at talet både er stabilt og går litt opp.

Det vart ikkje gjennomført fellesaktivitet dette året. Noko skuldast manglar i «ver- og føreforhold» på aktuelle tidspunkt, anna at vi ikkje alltid nådde frem med å få naudsynt bistand frå eksterne organisasjonar til slik aktivitet. Vi har likevel stor tru på at ei ny og anna tilnærming vil bøte på dette for komande år.

Takka vera idrettsrådet rår idrettsskulen no over meir materiale

enn vi har gjort tidlegare, noko som kan kallast ei god utvikling. Ei utfordring som har oppstått i kjølvatnet av dette er å kunne gjera materialet tilgjengeleg på alle skulane, altså få frakta det rundt i dei aktuelle veke- ne med dei aktuelle aktivitetane. Med tida håper vi at dette kan løysast med å få tilgang til ei hengar av noko slag.



Idrettsskulen i Masfjorden synest å vera eit populært tilbod, og eit viktig eitt, tatt i betraktning at idrettstilbodet elles i kommunen ikkje alltid er like tilgjengeleg og/ eller noko avgrensa i sin variasjon.

Ved årsskiftet 2018/19 hadde idrettsskulen 54 eleva, fordelt slik (2017-18 står i parentes):

Skule:	2. - 4.klasse	5. - 7.klasse
Matre	6 (4)	3 (1)
Nordbygda	17 (17)	5 (5)
Sandnes	14 (12)	9 (8)



TEKNISK, MILJØ OG LÅNDBRUK

Det var 9 personar tilsett ved avdelinga pr. 31.12.18. I tillegg kjøper Masfjorden kommune landbruksfagleg kompetanse frå Gulen kommune.

Byggjesak/kart og oppmåling

I 2018 har ein stor del, om lag ein tredjedel, av delesakene vore søknadar om arealoverføring. Oppmålingssakene er ofte tidskrevjande då det kan vere tinglyst mange ulike hefte i avgjevareigedommen. Dei ulike rettighetshavarane må då samtykke til arealoverføringa før denne kan tinglysast.

Digitalt planregister

Vedtekne planar og planar under arbeid kan ein no finne i inn-synsløysinga i Nordhordlandskartet. Ved å klikke på «planregister», kan ein finne kva planar som er gjeldande og under arbeid for ein aktuell eigedom eller eit aktuelt område. Her finn ein også tilhøyrande plandokument for dei ulike reguleringsplanane eller for arealdelen til kommuneplanen.

Oversikt over saker handsama i 2018:

Delesaker	22	Tilknytning kommunalt vatn *	4
Byggjesaker	37	Usleppsløyve*	3
Bruksløyve/ferdigattest	24	Oppmålingsforretningar	31
Dispensasjonar	21	Vedtak om adresse-tildeiing	5
Andre saker	7		

* Saker der dette er behandla utanom byggjesaka

Av byggjesakene som har vore handsama er:

- 5 søknader om bygging av bustader
- 2 søknader om bygging av fritidsbustader
- 8 bruksløyve/ferdigattestar er gitt i høve bustadhus
- 4 av delesakene gjeld frådelling til bustadtomtar

Kommunale vegar

Det har vore utført vedlikehald med rydding i stikkrenner, lapping av asfalt og grus, høvling og snørydding/strøing. Det er og utført kantklipping og grøftereinsk.

Safe Control har gjennomført årleg kontroll av bruene i kommunen.

Vatn/vassverk

Masfjorden kommune eig og driv fem vassverk i kommunen. Masfjorden vassverk er det største av desse vassverka og forsyner delar av Masfjordnes og Nordbygda. Sløvåg og Steineområdet i Gulen kommune vert også forsynt frå dette vassverket.

Masfjorden kommune eig og driv fem vassverk i kommunen. Fire av desse er mindre vassverk som forsyner bygdene Matre, Haugsvær, Solheim og Skolten på Sør-Kvingo. Det største vassverket er Masfjorden vassverk, dette forsyner delar av Masfjordnes og Nordbygda i tillegg til Sløvåg og Steineområdet i Gulen kommune.

Produksjonen frå Masfjorden vassverk var på om lag 199 000 m³ i 2018, noko som er litt opp frå fjoråret. Av dette vart det overført ca 107 720 m³ til Gulen kommune.

Investeringar

Asfaltering av kommunale vegar

Masfjorden kommune har i 2018 asfaltert fylgjande vegar og tilhøyrande parkeringsplassar: Gunnarbuøyra 567m, Byrkjeland 980m, Fossdalen 700m, til saman 2247m.

Nytt rekkverk på Kjetland bru

I 2017 starta Masfjorden kommune opp arbeid med nytt rekkverk på Kjetland bru. Arbeidet har bestått av fylgjande: Riving og fjerning av skilt, kantstein, rekkverk, slitelag m m., oppbygging av brudekke og tilrettelegging for nytt slitelag, støping og armering av nytt betongdekke. Montering av nytt rekkverk vart utført våren 2018.



Fylkesveg 570, punktutbetring Mjanger – Hope

I 2017 fekk Masfjorden kommune tilskot på 2 mill til utbetring av Fv 570, Mjanger – Hope frå Hordaland fylkeskommune. Masfjorden kommune har vore byggherre for dette arbeidet, utbetringa var ferdigstilt og vart overlevert Statens vegvesen november 2018.

Skifting av septiktank Sandnesstykkje

Tidleg i 2018 fekk Masfjorden kommune kollaps på ein stor septiktank på Sandnes. Denne vart skifta ut med ein ny 40m³ tank.

Nye/opprusta kommunale bygg

Maling av bygg

Det er utført maling av fylgjande bygg: Sandnes skule, legekontoret, omsorgsbustad Hosteland, 4-mannsbustad Stokkevika og Nordbygda barnehage.

Nordbygda skule

På småskuledelen av Nordbygda skule har det vore skifta vinduer og tilleggsisolert i tillegg til ny utvendig kledning.



Indre Masfjorden barnehage

Nytt ventilasjonsanlegg. Arbeidet har bestått av følgjande: Riving og fjerning av eksisterande aggregat og rør og byte av aggregat til GOLD med tilkopling til nye ventilasjonskanalar. Det er bygd nytt tilbygg for plassering av ventilasjonsaggregat. Anlegget har overvåking via SD-styring. Anlegget vart sett i drift august 2018.

Utleiehusvære

Det har i 2018 vore noko utvendig skifte av vinduer og kledning og utvendig maling av utleiehusvære i Stokkevika, Ytre Haugsdal. Når det gjeld omsorgsbustader på Matre så er det utført ei oppgradering på to av husværa. Det har omfatta skifting av kjøkkeninnreiing, rehabilitering av bad, samt nytt golvbelegg og maling av vegg og tak.

Reinhold

Reinholdet i kommunen har sidan 2014 vore organisert i tre reinholdsområde; Nord, Indre og Sør i tillegg til sjukeheimen, som er eige område. Kwart område har ein reinholdskordinator som er ansvarleg for reinholdarane i sitt område. Ansvarer inneber mellom anna å ordne med vikarar ved sjukdom/fråvær, lage ferieplan, bestille varer m m.

Kwart reinholdsområde har eigen samla økonomi for både løn, reinholdsmidlar og utstyr. Utgiftene vert fordelt på kvart enkelt formålsbygg ved årsslutt.

Tal frå søknader om produksjonstilskot 2010- 2017:

	2012	2013	2014	2015	2016	2017	2018
Prod. tillegg *	8 325 000	8 997 364	9 759 482	10 248 972	9 635 368	9 745 522	9 861 225
Bruk	71	71	70	65	69	72	71
Mjølkebruk	11	12	11	11	12	12	12
Mjølkekyr/ammeku	136/17	125/17	137/10	129/8	148/11	158/8	160
Storfe kjøtprod.	308	253	316	277	295	266	264
Sauebruk	60	56	55	55	57	59	60
Sauer vinterfora/ utegangarsau	2 802 359	2 419 324	2 727 234	2 536	2 548	2 215	2 308
Geit for kjøtprod.	282	219	243	103	154	91	70
Kylling	290 600	256 400	207 041	288 832	148 708	11 225	ca. 60 000

* Inkl. avløysartilskot

Tørken i 2018 medførte 8 søknader på avlingserstatning.

Samla erstatning: kr 379.368,-.

Samla mjølkeleveranse i **2018: 961 073** (2017: 921 140) liter

Areal for søknader på produksjonstilskot: 6 810 dekar

Regionalt miljøprogram (RMP) 2018 (2017)

Ordninga omfatar særskilte miljøformål i landbruket: **30** (24) søknader.

Organisert beitebruk: I 2018 4 beitelag

Hjortejakta	2010	2011	2012	2013	2014	2015	2016	2017	2018
Løyve	557	554	580	580	558	558	552	550	549
Felt	375	349	395	384	334	336	346	429	ca. 380
Fellings %	67	63	68,1	66,2	59,9	60,2	63,9	78,0	
Fallvilt	2	4	2	3	3	1	3	4	

* Bestandsplanområda: Gulen-Masfjorden og Lindås-Masfjorden dekker eit større område, men tala er for Masfjorden kommune (førebels tal)

Jakttida er: 01.09. – 23.12.

Viltfondet

Fellingsavgifta går inn på eit kommunalt viltfond som bl.a. går til dekking av kommunen sine utgifter med ettersøk etter skada vilt og fallvilt.

Skotpremie for felt rovvilt

Det vart i **2017** (2016) utbetalt skotpremie for **10** (9) raudrev,

11 (8) mår og **1** (10) villmink. Uendra premie.

Kalking av vassdrag

01.03.2017 skifta me kalktype på kalkstasjonen ved Ostavatn. Denne kalken er mykje finare og har ei sær god oppløysing i vatn. Stasjonen er litt ombygd og tilpassa, men det går mindre mengde kalk for å halda pH oppe nedstrøms doserar. Ved Frøyset er pH over 6,2 første halvår og over 6,0 i andre halvår. Ved Bruhølen er det etablert ein ny målestasjon som sender data kontinuerleg.

Totalt vart det brukt 561 tonn kalk i 2018.



GMBR

**Gulen og Masfjorden
Brann og redning**

Året 2018 medførte i antal akkurat like mange utrykningar for brann og redningstenesta som føregåande år. 85 gongar gjekk alarmer på handterminalane til mannskapa i Gulen og Masfjorden. Typen hendingar varierte noko frå føregåande år, men det er framleis akutthjelparoppdrag som dominerer. I 2017 var talet akutthjelparoppdrag 60 medan det i 2018 var redusert til 53.

Den største auken var i talet trafikkulukker som auka frå 9 til 15. Europavegen gjennom kommunen er framleis den største risikoen me må forhalda oss til. Dette er ein risiko som me må vera øvd og utrusta til og vera budde på å møte.

Det er også ein liten auke i bistand til politiet. Her er det forventa at dette talet ikkje vil verta redusert framover då politiressursane er sentraliserte vekk frå kommunen. Det syner seg at fyrsteinnsatsen ved dei fleste hendingane i forhold til politiet sine oppgåver må ivareta kast av brannvesenet til politiet er på plass. Avstand er og vil vera ein barriere som me må forhalda oss til.

Type hending	207	2018	Endring
akutthjelparoppdrag	60	53	- 7
Trafikkulukke	9	15	+ 5
Brann	10	13	+ 3
Bistand politi	1	2	+ 1
Naturhendingar	3	1	+ 1
Akutt forureining	0	1	- 2
RVR	1	0	- 1
Person i vatn	1	0	- 1

Ulike oppdrag

Brann og redningstenesta er kommunen sin lokale ressurs for å ivareta mennesker, dyr og materielle verdiar om noko skjer. Det er inga avgrensing på kva oppgåver ein kan verta sett til å løysa. Difor er det viktig å øve og å ha naudsynt utstyr til å få jobben gjort. Mellom anna har dei siste åra påført oss utfordringar med langvarig tørke og utfordringar knytt til dette. I 2018 hadde me fleire utrykningar til brann i utmark. Dette er ressurskrevande innsatsar som set store krav til taktiske avgjersler og ein god plan for ein langvarig innsats. Heldigvis har me eigne kapasitetar til å handtere dette, noko som også nabobrannvesenet nytte godt av ved sine tilsvarande aksjonar.

Ny kunnskap

Me har vore heldige å fått tildelt frå Gjensidigestiftelsen utstyr til å utføra oppdrag i samband med at personar eller dyr fell i sjøen, elvar og vatn, eller gjennom isen om vinteren. Utstyret er plassert på to av stasjonane våre. Det er ynskjeleg at ein etter kvart får utvida denne tenesta til fleire stasjonar, men førebels er utstyret plassert på Brekke og på Sandnes.

Det vart gjennomført opplæring på dette utstyret for mannskapa i mai 2018. Brannsjefen i Hyllestad er utdanna instruktør og spanterte ei helg hjå oss for å gjennomføra opplæring av våre mannskap. Om lag 15 personar gjennomførte opplæringa og er no operative til å utføra oppdrag knytt til denne tenesta frametter.



Samvirke i tunell

Som kjent er Europavegen gjennom kommunane våre den største risikoen i dag. Då er det viktig å trene på slike hendingar.

24. oktober 2018 vart det gjennomført ei relativt stor øving i Masfjordtunnelen. I tillegg til vegvesenet og utførande entreprenør for oppgradering av tunnelen, deltok også brann og politi på øvinga. Det er viktig at ein har trening på å samvirke med dei andre etatane ein møter på skadestaden. Dette gjer eit godt grunnlag for å løysa oppgåvene når det verkeleg gjeld.



Vegen vidare

Det er under etablering eit øvings- og opplæringscenter i Gulen Industrihamn. Senteret har fått namnet Berinvest AS og er eit interkommunalt selskap eigd av Gulen og Masfjorden kommunar. Nye etableringar tek tid, men det er forventa at våre mannskap skal få gode og tidsriktige forhold til å få den øving og opplæring som er naudsynt på dette senteret når me kjem i gang med dette, truleg i løpet av hausten 2019.

KOMMUNESTYRET I MASFJORDEN 2015 - 2019

Formannskapet 2015 - 2019:

Karstein Totland, ordfører - H
Torill Torsvik Størkersen,
varaordfører - Ap
Frode Langhelle - H
Siri Tangedal Kratzmeier - Krf
Geir Egil Haugsvær - Sp



Høgre:
 Ordfører
 Karstein Totland
 5981 MASFJORDNES
 Tlf. 56 16 62 20
 Mobil 977 33 819

karstein.totland@masfjorden.kommune.no



Høgre:
 Frode Langhelle
 5984 MATREDAL
 Mobil 918 21 297

frode.langhelle@bkk.no



Høgre:
 Bjarte Andvik
 5981 MASFJORDNES
 Mobil 407 51 071

bjarteandvik@msn.com



Høgre:
 John Torgeir Torsvik
 5986 HOSTELAND
 Mobil 900 89 470

john.torsvik@kvantum.as



Høgre:
 Atle Nordland
 5981 MASFJORDNES
 Mobil 900 26 582

Atle.nordland@hotmail.com



Høgre:
 Wenke F. Ekren
 5981 MASFJORDNES
 Mobil 917 31 320

wenkefredheim.ekren@masfjorden.kommune.no



Høgre:
 Lene Hansen Kvamsdal
 5986 HOSTELAND
 Mobil 416 57 182

lene.hansen.kvamsdal@masfjorden.kommune.no



Arbeidspartiet:
 Varaordfører
 Torill Torsvik Størkersen
 5986 HOSTELAND
 Mobil 480 33 312

torill@vestablikk.no



Arbeidspartiet:
 Ragnvald Tangedal
 5986 HOSTELAND
 Mobil 915 92 308

ragnvald.tangedal@bakerhughes.com



Arbeidspartiet:
 Arthur Sjursen
 5984 MATREDAL
 Mobil 970 80 865

arthur.sjursen@elogitbergen.com



Arbeidspartiet:
 Bjørn Egil Nordland
 5983 HAUGSVÆR
 Mobil 957 46 490

bjorn.egil.nordland@masfjorden.kommune.no



Kristeleg folkeparti:
 Jon Hope
 5983 HAUGSVÆR
 Mobil 971 18 194

jonhope25@gmail.com



Kristeleg folkeparti:
 Siri Tangedal Kratzmeier
 5986 HOSTELAND
 Mobil 466 64 336

siri@ingenuity.no



Senterpartiet:
 Geir Egil Haugsvær
 5983 HAUGSVÆR
 Mobil 413 29 183

gehaugsver@gmail.com



Senterpartiet:
 Wenche Dæ
 5986 HOSTELAND
 Mobil 957 65 375

wenchedae@yahoo.no



Venstre:
 Egil Kvingedal
 5981 MASFJORDNES
 Mobil 951 20 245

ekving@gmail.com



Framstegspartiet:
 Janne-Judith Kvamsdal
 Sandnes
 5983 HAUGSVÆR
 Mobil 957 22 508

janne-ju@online.no



MASFJORDEN KOMMUNE

Austfjordvegen 2724, 5981 MASFJORDNES

TLF. 56 16 62 00 FAX 56 16 62 01

E-post: post@masfjorden.kommune.no

www.masfjorden.kommune.no



Hovudansvarleg for innhaldet i årsmeldinga: Rådmann Svein Helge Hofslundsengen
Utforming: Mary Hope